

*Gamalt  
frå Kviteseid*

Nr. 3



ÅRSSKRIFT 1988

*Gamalt frå Kviteeid*

Nr. 3

ÅRSSKRIFT  
1988

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

---

KVITSEID 1988

## Innhald

|                                                                            | Side |
|----------------------------------------------------------------------------|------|
| Fyriord. Av Tor J. Skarprud .....                                          | 4    |
| Den som har emne og pågangsmot kjem fram. Av Olav Lid .....                | 5    |
| Brev til Amerika. Av Olaf Gudmundsen .....                                 | 11   |
| Spelemenn og felemakarar frå Sandland. Av Endre E. Sandland .....          | 14   |
| Då sosialismen kom til Vrådal. Av Tor O. Sanden .....                      | 16   |
| Husmannsplassen Eikedal i Dalane. Av Aasmund Bjørnflaten .....             | 20   |
| Brunkebergsongen. Av Sverre Fossjord .....                                 | 23   |
| Litt om skyttarlagi i Kviteseid. Av Arne Nordskog .....                    | 24   |
| Dagbokblad frå Kviteseidbyen. Av Aslak L. Sandaaker .....                  | 27   |
| Tømmerfløtning i Dalane- og Morgedalåi. Av Harald Oppebøen .....           | 30   |
| Dei første bilane i Vråliosen. Gunnar Naper fortalde til Olav Ibrekke .... | 33   |
| Store-Kjetil og vesle-Kjetil fortel. Ved John Skarprud .....               | 38   |
| Sundkilen Dampsag og Høvel. Av Tor J. Skarprud .....                       | 40   |
| Bakeridrift i Eidsto. Av Sigmund Straumsnes .....                          | 43   |
| Asbjørn Berge. Oppskrive av Johannes Skarprud .....                        | 45   |
| Tommes Skotbakkan og Åsmund Uvyra. Etter Kjetil A. Flatin .....            | 46   |
| Fæsteseddel. Av J. Zetlitz .....                                           | 48   |
| Mitt liv. Av Sveinung Mostaul .....                                        | 50   |
| Søren Breidalen. Av Harald Oppebøen .....                                  | 51   |
| Tone Haugan fortalde. Etter Tone Haugan .....                              | 53   |
| Stevleik. Uppskreven av Tone Haugan .....                                  | 56   |
| På innstig hjå Halvor Bukkøy. Av Torbjørg Solberg .....                    | 58   |
| Den grå hatten til Gofar. Etter M. B. Landstad .....                       | 60   |
| Lysingar .....                                                             | 61   |

## Fyriord

Med dette sender Kviteseid historielag ut tredje hefte av Gamalt frå Kviteseid.

Laget meiner det er ei viktig oppgåve å finna fram mest mogleg av og om hendingar og soger i bygdi frå eldre tider og taka vare på det. Med desse hefti vil laget freista vera med i det arbeidet. Det er enno mykje å finna, trur me. Bygdefolk i og utenom bygdi, ver med og hjelp oss!

Me takkar dei som har skrive og teikna i heftet. Ein særleg takk til teiknarane Mari Lid og John Skarprud, som gøymer seg attom små og få bokstavar.

Skriftstyret har også denne gongen vore Harald Oppebøen, Arne Nordskog og Tor J. Skarprud.

## Den som har emne og pågangsmot, kjem fram

I «gamle» dagar var det både tungvindt og strevsamt for ungdom i Kviteseid og Vest-Telemark å taka artium. Kostbart var det au, og lite pengar hadde dei fleste. Likevel tok nokre vågnaden med å byrja på eit av dei få Landsgymnasa der skuletida var korta inn til 4 år. Olav Lid frå Morgedal hadde lite pengar, men mykje pågangsmot og vit og byrja på Hornnes i Evje.

I artikkelen her fortel han om kor strevsam vegen til og frå Hornnes kunne vera og om den nærpå tome pengeveska si. Olav gav seg ellers ikkje bare med artium, men bauta seg vidare fram og enda som professor. Og så let me han sjølv fortelja:

Eg var ikkje så hovmodig at eg tenkte meg til Universitetet. Det var vågalt nok å ta sikte på studenteksamen. Det var meir enn uvisst om eg ville greie å skaffe pengar nok til å koma så langt. Men eg hadde så smått fenge smaken på latinen det året eg gjekk i Bø. Det blei tid til det ved sida av at me det året hadde vårt fyrste møte med tysk og engelsk. Det galdt å få så mykje som råd ut av det kostbare opphaldet ved «lærdomssættet» i Bø.

Og så sist i august 1926 gjekk reisa bortover til Setesdalen. Det blei litt av ei eventyrferd for meg. Fyrst med hest og kjerre til Smeodden, og så med rutebil til Treungen, derfrå med tog til Arendal og så med kystruteskipet Eksellensen til Kristiansand. Det var fyrste gong eg såg havet, noko som gjorde eit overveldande inntrykk på meg. Endeleg med toget dei seks milene til Hornnes. Det heile tok to dagar og kunne vera emne for eit kapittel.

Eg var 18 år gamal og hadde ei kjøvande kjensle av at eg hadde innlate meg på eit stort vågestykke. Og det var uhorveleg langt heim att. Men det var veldig gildt å koma inn på ein skikkeleg skule med velutdanna lærarar og interesserte medelevar å vera saman med, så dagane og vekene gjekk fort.

Men så nærma det seg jol. Det ville koma til å koste mange pengar å reise heim, og pengar var det lite av. Olav Fundlid, som eg budde saman med, ville sløyfe heimturen og i staden konsentrere seg om dei skulefaga han hadde så mykje å taka att i. Det var m.a. fransk som dei andre i klassa hans hadde halde på med eit år då han tok til der. Kanskje hadde han også andre grunnar til å bli der han var - men det var noko som kom opp seinare. Eg var sterkt i valet og kvalet. Men så hende noko som såg ut til å avgjera saka: Det braut ut munn og klauvsjuke i Søgne og heile området kring Kristiansand blei avsperra. Men så like før skuleferien tok til, kom fire elevar frå Åmlitraktene og foreslo at me skulle leige ein bil til køyra oss tvers igjennom bygdelaga innanfor den avsperra sona. Dei hadde tala med ein landhandlar på staden som også dreiv drosjetrafikk og han var viljug til køyra oss til Dølemo for 50 kroner. Det ville bli 10 kr på kvar om eg blei med.



*Det var forunderleg kor lågt det var under taket i Sollidstoga.*

Frå Dølemo til Åmlid var det ikkje lange stykket. Og fra Åmlid var det greie ve-gen med tog til Treungen og båt vidare til Vrådal.

Ti kroner var ikkje lite og mitt budsjett den gongen var i underkant av 100 kr i månaden og skulle dekke hus og mat, lærebøker og reise pengar. Men etter at tanken om å koma heim til jol fyrst hadde gripe tak i meg, tok lengten makti frå meg. Eg såg for meg heimen og bygdi i ein eigen glans og minne om joletrefestar i ungdomshuset og om samver med unge og eldre rundt om i gardane, blei meir og meir lokkande. Kva ville eg ikkje nå ha å fortelja utanfrå den store verda eg som tidlegare alltid hadde site stum og tankefull når andre mannsemne hadde lagt ut om alle slags bragder på sine turar til skiløype rundt omkring i bygder og byar ut over halve Noregskartet! Heimlengten vann og eg slo til. Og tidleg, tidleg ein gråversmorgon tre-fire dagar fyrri jol krabba me oss inn i Dodgen til Jens Birke-land. Det var ein 6-seter med noko primitiv kalesje og ingen ting av det som i dag er sjølsagt utstyr på ein bil. Eg minnest særleg den handdrivne vindaugsviskaren på frontglaset. Den kom eg til stræva med å halda i gang det meste av turen.

Det bar nokså kjeft i veg oppover til Evje og så tok me til å kliva opp kleivane mot Vegusdal. Det tok til å snøge og vinden stod stiv og sur midt imot. Ned gjen-nom Vegusdal gjekk det litt betre, men etter kvart blei snøen heller djup. Det var slett ikkje brøytt og Jens sa at det mest var like bra. Dei pla brøyte så altfor smalt, sa han, slik at det ville vore vanskelegare å møte nokon. Me møtte ingen. Inga bi-lar i alle fall. Det var ikkje ver til å leggja ut med bil. Spørsmålet var bare kor lenge Dodgen ville greie det. Han greidde det til Svenes i Mykland. Då tok det til å mørkne og Jens lura på om han ville greie å koma heimatt med bilen sin. At det ville bli siste turen før vinterføret kom til setja stoppar for all vinterbiltrafikk, var tydeleg nok. Me laut ut med dei 10 kronene som var avtala endå om det var att eit par mil til Dølemo. Jens fortalde at han hadde bruka så mykje bensin og olje at det ville ha rukke til ein Oslotur på vanleg føre.

Frå Svenes var det ei halv mils veg til heimen av den eine av gutane i laget og han inviterte oss straks til å vera med heim og overnatte der. Det var ein stor, gild gard med romsleg stoge og eit tun som vitna om velstand, syntes eg. Det fanst og finst framleis mange slike gardar i Indre Agder. Lars heitte sonen på garden, som var med oss. Og han hadde ikkje vanskar med å forklare at han kom med så man-ge uventa gjester. Me var alle hjarteleg velkomne og det blei rigga til soveplassar i andre høgdi. Det brann lystig i ein stor gamaldags etasjeomn då me kom opp der etter eit grepa måltid, der det var sett flust fram av jolekosten. Eg minnest ennå kor godt det kjendest å stå der avkledd omkring den glovarme omnen før me kraup i seng. Det hadde vore ein hustren dag.

Tidleg neste morgon purra Lars oss opp. Og etter ein like gjestfri frokost som kveldsmaten hadde vore kvelden før, svinga han opp med ein spræk hest framfor sluffa med bjørneskinnsfell og til dombjølleklang bar det austover i den kalde vintermorgonen. Uveret var over og det var blitt bitande kaldt, og ein bleik måne var uthengd over granåsane.

På Dølemo blei eg utstyrt med ski og stavar og sett på rett veg mot Åmli sta-sjon. Eg skulle fylgje ei skilåm som gjekk beint over furumoen fram til ein stad som heitte Sigridsnes. Derifrå var det bare å gå tvers over elva fram til stasjonen. Det skulle vera omlag 12 km å gå, og det kom nok til å bli nødvendig å skunde på, dersom toget var i rute. Men det hadde det ikkje vore på mange år, forsikra dei meg. Eg langa i veg og føret var bra. Men eg var ikkje kledd til langrenn akku-rat og dessuten hadde eg ein nokså tung sekk på ryggen. Etter ei tid syntest eg eg høyrde fløyte frå eit lokomotiv langt ute i dalen. Eg trøysta meg med at det kun-ne vera eit arbeids-lokomotiv. Det var adskillig med timbertransport på jarn-banen, trøysta eg meg med. Kanskje var det eit godstog som gjekk nedover? Like-vel kjende eg meg uroleg og prøva å setja opp farten. Toglarmer kom att og høyr-dest nærare.

Det gjekk nok ikkje utover dalen det toget! Omlag sprengd kom eg fram til kanten ned mot elvebreidda og såg det nusselege, vesle toget tøffe ut frå stasjonen

i retning oppover mot Telemark. Framme ved stasjonen fekk eg greie på at det ikkje skulle gå noko anna tog den retninga før seint på kveld. Nokon annan framkomstmåte var det heller ikkje å finne så eg måtte finne meg i å vente.

Eg tok inn på ein liten kafe, og det synt seg at det var heimen til foreldra til ein gut eg hadde gjenge saman med på Telemark folkehøgskule eit par vintrar tidlegare, som dreiv kafeen. Dei tok imot meg som best dei kunne, og dei trøysta meg med at det ville ikkje ha hjelpt om eg var komen tidsnok til formiddagstoget. Det hadde nemleg kome eit sjukdomstilfelle i eit fjøs i bygda. Det minte om munn- og klauvsjuke så nå var også Åmli avsperra. Eg trong i alle fall reiseløyve frå lensmannen for å få reise vidare. Så var det å leite seg fram til lensmannskontoret og vente på lensmannen. Katteraas heitte han. Det blei ei lang venting for lensmannen hadde fenge mykje å passe på i samband med denne avstengjinga. Endeleg kom han og han var veldig grei å snakke med. Han var visstnok med i styret for landsgymnaset.

Endeleg kom toget og med eit par elevar frå landsgymnaset som hadde reist heimover eit par dagar før avstengjinga og i mellomtida sett på livet i kystbyane. Det vart litt kaldare etter kvart utover dagen, og då me hadde passera Tjønnefoss, kunne konduktøren fortelje at det var 32 minusgrader på stasjonsområdet der. Det spøkte for at isen på Nisser kom til å bli så tjukk at båten ikkje ville greie å halde oppe ruta. Nifse utsikter!

Skulekameraten eg trefte, kunne fortelje at også hans foreldre dreiv hotell og kafe i Tveitsund og eg var velkomen til vera med han heim. Der på hotellet tok det også inn ein annan reisande som var avhengig av båtskjuss vidare. Og han var ingen kven som helst i denne situasjonen: syster hans var trulova med skipperen på Dølen og derfor var det tolleg klart at fanst det noko råd, så kom båten til gå neste dag. Det gjorde han også, endå isen var styggeleg tjukk og vanskeleg. Det var fleire passasjerar og det var varer som skulle fram til jol. Men til slutt var det bare mågen og eg att. Og då vesle Dølen hadde stampa og skubba seg fram såpass langt som til Steane, sa kapteinen at han ikkje greidde meir. Eg trur sanneleg kapteinen spandera fri billett på oss også. Det skulle vera jolegåve til oss.

Så vidt eg minnest fekk eg sitja på med hesteskjussen frå Straand hotell til Smeodden. Skjussen skulle møte båten fra Skien. På Spjotsodd trefte eg heilt uventa bror min og eit par andre gutar frå Morgedal. Dei gjekk på Søve det året.

Turen frå Spjotsodd til Morgedal blei lang og slitsam. Eg minnst ikkje sikkert om me måtte gange heile vegen. Det kjem for meg at det var eit hestekøretøy med i transporten og at me i alle fall fekk køyre bagasjen. Det var svarte kvelden innan me var i Sollid-grenni. Og sjølv sagt var det fint å vera heime att.

Men .... Det var forunderleg kor lågt det var under taket i Sollistogo. Og veggene kom heilt innpå ein på alle kantar. Og så var det så skumt og halvmørkt inne endå om parafinlampene var tende. Det var liksom litt vanskeleg å finna seg til rette att etter dei lengselssyner som ein hadde tumla med. Men det var useiele

trygt og godt å leggja seg til ro i si gamle seng. Og det var som ein hadde eit heilt osean av fritid framfor seg innan skuleferien var slutt. Me hadde tre veker joleferi på landsgymnaset fordi så mange av elevane budde langt undan. Men som vanleg gjekk feriedagane fort undan då ein fyrst var komen i vane med å ha fri.

Det var ikkje bare draumbiletet om heimen som ikkje kom til å bli heilt til å kjenne att i dagleglivet. Møtet med bygdefolk kom også til taka seg noko annleis ut.

Jasså, er du komen heim? blei det spurt. Og ofte utan det smil og den varme i mælet som ein kanskje hadde venta. Vel var ein førebudd på ein grand mismæte i holdning som var å vente fra visse krinsar. Ein var trass alt litt av ein utbrytar som ikkje ville bli verande i heimbygda. Og særleg dette med gymnas var noko svært uvant og lite lageleg av ein småkårsungdom. Men det var nok ikkje dette som var grunnen til den litt kjølege tonen eg merka. Etter kvart gjekk det opp for meg at det var smitteredsla som låg bak. Dei såg på meg som den personifiserte munn- og klauvsjuken, fekk eg inntrykk av. På joletreffesten flutte folk seg unna meg når eg sette meg. Og straks eg prøva koma i snakk med nokon, var det straks den skræmelege sjukdomen dei ville ha greie på. Når eg kunne fortelje at det var



Dei såg på meg som den personifiserte munn- og klauvsjuken.

7-8 mil fra Hornnes til Søgne og at eg ikkje hadde vore igjennom den verkelege sperresona i det heile, var det ikkje alle som trudde det. I mellomtida kom det melding om eit suspekt tilfelle i Eidanger. Altså ikkje så mykje lenger unna Morgedal enn der eg hadde vore, så var heller ikkje det noko avgjerande argument. Det galdt å verna seg på alle maugelege og umaugelege måtar mot djevlskapen. Det gav seg nok etter kvart. Heldigvis spreidde ikkje dyrepesti seg meir denne gongen. Og innan ferien var slutt kjende eg meg såpass fastgrodd i heimemiljøet at det var vondt å rive seg laus og koma seg på veg attende til skulestaden. Det blei igjen ei lang reise, slitsam og full av omsut, men ikkje så langvarig som heimturen hadde vore.

Fyrst var det koma tidsnok til båten ved Spjotsodd der den kunne ventast ved 8-tida om morgonen. Ein måtte starte før klokka 6 om ein skulle nå det. Me var fleire skuleungdomar som skulde avgarde, så eg trur me fekk hesteskjuss. Båtturen nedover vassdraget hadde ikkje lenger noko eventyrglans over seg. Det var fullt ombord, og det var dyrt å reise. Det var ikkje snakk om moderasjon for skuleungdom frå det selskapet.

Det var mykje is å skuve unnan for gamle »Inland» og det var eit stadig bråk frå samanstøytane med isen. Stundom måtte båten hopa og skaffe seg fart for å koma seg gjennom ismassene. Det tok tid. Nista blei eten og likevel kjendest det utolande å kjenne den freistande angen frå middagsstellet nede i kabyssa. Der var sjølsagt ikkje snakk om å eta middag ombord. Slikt var bare for handelsreisande og anna storfolk.

I Skien var båten fyrst i 18 tidi. Det var fyrste gongen eg var i den staden, men eg fekk ikkje noko skikkeleg inntrykk av han. Det galdt å koma seg til jarnbanestasjonen for å taka toget til Brevik. Det var slett ikkje så enkelt. Den gamle stasjonen like ved rådhusplassen var lett nok å finne. Der fekk eg vita at skulle eg koma skikkeleg til Brevik, måtte eg koma meg opp til stasjonen Follestad. Det gjekk au, og på jarnbanen var det greitt å få løyse billett for fjerdeparten av normal betaling. Det var verkeleg eit privilegium for skuleungdom i dei dagar. Same moderasjonen galdt også på kystruta, men ikkje om ein ville ha skikkeleg køyeplass. Altså innretta ein seg som best ein kunne i felleslugaren framme i baugen av båten.

Kystbåten låg ved kaien i Brevik til ved 5-tida om morgonen og eg sov som ein stein til dunkinga frå maskina fortalde at nå skulle me ut på det ville havet. Det kjendest fredleg ein halv times tid, men så byrja huskinga og etter stutt tid forstod eg at det galdt å koma seg opp på dekk så snart som råd. Det var ikkje fritt at eg sveitta og kjende meg uroleg i magen. Men eg fekk då på meg klær og beksaumstøvlane. Dei sist nemnde streva eg med og eg oppdaga at eg sat med den eine støvelen høgt i veret i det båten liksom sokk ned att etter ein lang motbakke.

Det var mørkt på dekk og ingen å sjå ... Men etter ei tid kom det framom ein kar som såg ut til å vera ein av mannskapet ombord. Han kunne fortelja at me

var komne ut i Langesundbukta og trøysta meg med at det snart ville bli smult farvatn. Han rådde meg til finna ein sitjeplass midtskips i nærleiken av lukene over maskinromet. Der var det tolleg varmt også. Der kom eg til å halde meg storparten av dagen, og eg greidde meg utan å bli sjøsjuk. Det var eit par andre skuleungdomar frå Kviteseid med skipet. Dei såg eg ikkje noko til før det leid så langt at me hadde passera Lillesand. Dei var i den heldige stilling at dei hadde kunna skaffa seg lugarplass på fyrste eller kanskje var det andre klasse. Den eine, som gjekk på lærarskulen i Kristiansand, var underoffiser og var såleis økonomisk uavhengig. Den andre var dotter til presten. Ho gjekk på mellomske i Farsund. Eg misunte dei nok, men syntes i grunnen at det ikkje var så ille å halde ut som eg måtte gjera. Eit par unge karar som eg kjende, hadde vore så heldige at dei hadde fenge seg timberhogst, der dei skulle ha 2 kr tylfli på eigen kost. Dei greidde ikkje alltid tylfli på dagen.

Me kom til Kristiansand omlag til same klokkeslettet som fyrste gongen eg kom dit. Nå var det inga sak å finne seg fram til stasjonen, gamalkjend som eg var. Bagasjen var heller ikkje større enn at eg denne gongen greidde meg utan bybod. På toget oppover kom det på skulekameratar både frå Kristiansand og på stasjonane oppover dalen. Det var moro å møtast att og litt av kvart hadde me alle å fortelja. Eg trur nok somme av dei syntes det var litt av ei reise eg hadde vore ute på. Det syntes eg sjølv også. Så dei to siste skuleåra eg gjekk i Hornnes, let eg vera å dra heim i joleferien.


*Olav Lid*

## Brev til Amerika

*Kjære Broder!*

Opsund 29<sup>de</sup> Januar 1871

Dit Brev af 7<sup>de</sup> August 1870 er os rigtigt ihændekommet, hvorfor vi takker. Jeg maa tilstaa at det er en Skam at det ikke før er besvaret, men saa tror jeg nu at have lidt mere at fortælle end om jeg havde skrevet i Høst. Jeg maa da først begynde Fortællingen om noget som nu er gammelt. I fjor Vindter var her i Bygden en ualmindelig russel med Grubedrift. Det var en Tysker ved navn Aikman, som spolerte efter sigende omtrent 20.000 Spd. i denne Komedie. Denne Aikman begyndte om Høsten, at sende Penger til en anden Tysker af navn Rusman, (som dengang var her, og endnu er her,) rimeligvis i den Hensigt at Rusman skulde styre Penge og Arbeide paa det bedste. Rusman ansaaes af alle her, for en halv- eller heel Galning, thi han kosted mindst ud paa Gruberne, men derimod kjøbte han



*Olaf Gudmundsen.*

Eiendom og Skjærp nesten overalt, og nu begyndte han med 100<sup>dre</sup> Arbeidre og 11 a 12 Heste. Blandt andet købte han her Kolbu Staaan Møllen, og noget paa Lundevalldalen af T. Lundevald. Paa Lundevaldsdalen begyndte han med en stor Stolpereisning til en Bygning der skulde blive mekanisk Værksted. Møllen likeledes, der skulde forandres til Smelteværk Mølle og Saugbrug.

Paa Kolbu satte han op en stor Stolpereisning, der skulde blive Baiersk Ølbryggeri, Dansesal og en Kirke i Midten. I Anledning af Møllens Reparation satte han en svær Dam over Aaen og derover en Bro som i alt vist koster flere hundrede Spd., derved er der nu hele Sommeren en Benvei over fra Øian. Ingen af disse Arbeider blev færdige. Da Vaaren kom, kom ogsaa Aikman selv, og da han saa hvorledes alt saa ud, blev ogsaa alt paa en Gang stop. Siden den Tid har det været uafbrudt med Prosesser, og Auktioner, til udsalg af hvad Rusman havde inkjøbt. Kolbu og Staaan er endnu Aikmans Eiendom, men han vil sælge dem. Rusman bor endnu i Husene paa Kolbu med sin tyske Husholderske, med hvilken han her har havt et Barn. Han holder nu paa med at gjøre Danseselskab paa Kolbu, næsten til hver Søndagsaften, og har han udsalg af Bærsaft (som han selv har lavet), Kaffe, Smørebrød og Thevand, rimeligvis for at Folk skal tro at han deraf lever, thi det er de fleste som tror at han har mange af Aikmans Penger gjemte, og det skal være 7000 som ikke Bestyrerne i Konkursboet efter Rusman finder nogen Regning for.

Jeg ved ikke om det er dig bekjendt at Knud Øian er død, han døde nogle Dage før Pindse i Vaar, han fik Sygdommen saa voldsomt i Maven medens han gik paa Ageren og saaede Byg, at han neppe kunde gaa ind, det var saa lidt ud paa Morgen, og omtrent Midnadt var han død. Og saa er Gro Nedreøian i disse Dage død. Sigrid Øian har taget Føderaad og Saamund skal modtage Gaarden til Vaaren.

Saamund blev den største Arving der, thi Gaarden blev saa lavt taxeret at da Føderaadet blev fraeregnet blev der ikke mere end omtrent 60 Spd. paa hver af de andre Sødskende. Gunnild Øian som du ved var gift med Sven Runingen døde ifjor i Juulen, og Sven er gift igjen. Du ved maaske for at Dyr læge Bjørnsen er gift med Gudbjør Vesterdal, da det er snart 2 Aar siden. Jeg spille der, og Bjørn og Knud var ogsaa der, da det var den Vindter Bjørn var Hjemme.

I Vaar omtrent ved Paaske havde jeg et stort Gjestebud paa Lundevald, da Anne blev gift med Halvor Svenningsen Groven, jeg spillede ogsaa der og Fortjenesten var omtrent 9 Spd. Nu skal ogsaa Olaf Lundevald gifte sig med Aasne Groven, Brylluppet er endnu ikke bestemt, men Olaf har allerede bedt mig at spille, og jeg tror det bliver om en Maaned eller vel saa. Jeg tror at det bliver et Lag paa 8 Dage da det er efter Ønske paa begge Sider, og nu har Lundevallen ikke flere ugifte. Det kommer vist til at begynde paa Groven, saa til Lundevald og siden til Opgaarden, for der skal De boe for det første. Ogsaa maa jeg fortælle dig, at her nu er oprettet et Handelshus som kaldes Forbrugsforening. Det er en Forening af Sognets Folk som har sat sig for et laan, for hvilket de har indkjøbt Varer, og hensigten hermed er at bringe de fornødne Varer ind i Bygden saa billigt som muligt, da de synes at disse Landhandlere har været rent ubillige, og det viser seg ogsaa at gjøre sin Nytte, da man nu kan faa Mesteparten af Krambodvarer for det Halve, og mange Ting ogsaa derunder Til Handelslokale har de leiet Husene paa Hougan, hvorfor de betaler 1½ Spd. Maaneden. Du ser heraf at vi nu ikke har langt til Kramboden. (Ogsaa maa jeg fortælle Dig at her nu er par Vindtre har loget Elever paa Seminariet, i Vindter er her to fra Rouland.) Handelen paa Hougan kom istand 8 Dage før Juul. Hans Nordgaarden har solgt den Deel af Nordgaarden som ligger hidenfor Aaen, til Torjus Lundevald, for hvilket Hans fik 2200 Spd, og Pyklmod til Eiendom, indtil det som Du ved Hans før havde Vestenfor. Hans gjorde det meget godt da han var nødt til at sælge. Det var vist Svenkesen som hjalp Hans til denne store Priis, da han bød det op for Torjus, og han havde vist ingen Mening paa at købe. Torjus blev dengang narret, og det gik som det burde. De ved maaske at Mikkil Nordgaarden, og hans sødster Anne den eldre er reiste til Amerika, 2 Aar til Vaaren siden. De har nylig skrevet og befinder sig begge vel. Anne ble gift strax før Juul med en fra Folkestad i Bøe. Anne Nordgaarden den yngre skal ogsaa snart gifte sig med en Tjenestegutt som hedder Torjus Olsen. Hvad her Hjemme angaar, saa har vi været ved taalelig god Helse i den senere Tid. Mor blev liggende haardt syg hele Vindteren dengang du reiste herfra om Høsten, men udpaa Vaaren kom hun sig fort igjen, og siden har hun været saa bra som jeg synes hun har været paa lang Tid. Far var meget skrandten ifjor Vindter, og det holdt ham til noget udpaa Someren, siden har han været taalelig, men undtagelsen af at han af og til have en lei Hoste. I dette sidst Aar har Far i det Hele taget været mere Svag end Mor.

Marts 14<sup>de</sup>. Som du ser heraf er det nu en god Stund siden jeg skrev det forrige, og Aarsagen til Udsættelsen er, at først Far blev heftig angreben af Lungebetændelse, og 8 Dage senere ogsaa Mor, og da blev de Begge liggende til Sengs omtrent 14 Dage, saa begyndte de lidt efter hver at gaa noet opp, men er endnu ikke saa at De kan gaa hvidere ude, og ere i det Heletaget endnu meget skralle med Helsen, endskjøndt man nok maa sige at De ere meget til Bedring imod de har været, og jeg maa ogsaa sige, at jeg synes Mor kommer sig fortere end Far, da den før omtalte Hoste fremdeles holder ham. I Aar var her et godt Aar med Poteter og Korn, men har været en meget streng Vindter, med uafbrudt Sne og streng Kulde. Nu tør her strerkt. Hermed sender Dig Potraiter af mig, Bjørn og Gunhild og tilligmed af Egelev Goduholt, som var blandt Bjørns Potraite, da jeg ved Du engang sagde at Du havde moro for at have nogle Dragter fra denne Kandt. Fra Knud havde vi sidst Brev 12<sup>te</sup> Sptb i Høst, han fandt sig da godt, maaske Du har hørt senere. Aslak havde ifjor leiet en Gaard i Solum, som hedder Hella. Han er endnu ugift, hvad han gjør til neste Aar ved jeg endnu ikke. Brevet sendes nu med Halvor saa han kan hilse Dig selv. Jeg og Gunhild er ved god Helse. Jeg har bedet Gunhild skrive nogle ord selv.

Vær tilsludt hilset paa det kjærligste fra os alle.

*Olaf Gudmundsen*

Olav Gudmundsson Uppsund f. 1833 og døydde i 1886. Han var ein framifrå god spelemann og kvedar. At han også kunne skrive, visar dette brevet til broren Såmund i USA. Olav finn ein under Øyan 24.

## Spelemenn og felemakarar frå Sandland

Endre Knutsson var fødd på garden Syftestad i Sundbygdi 18. mars 1818 og døypt av presten Zetlitz. Endre er langbestefar min. Han spela hardingfele. Far hans Knut Endresson kunne òg spela. Men det vart serleg to av sønene til Endre Knutsson, Aasmund og Endre som kom til å bere speltradisjonen fram i dagen. Dei var bae dugande felemakarar og spelemenn.

Dei tok vare på mykje av dei gamle slåttane i tradisjon etter Leiv Sandsdalen, Olav Tjønnsstaul og Olav Ramskeid. Dei spela i bryllaup og til dans. Arne Bjørndal skreiv ned slåttar etter desse to brøane. Bestefar min, Endre fekk bronsemedalje for felearbeid i 1909 og gullmedalje i 1911. Felene som desse to brøane har laga ber felemakarens serpreg.



*E. E. Sandland, spelemann og felemakar.*

Far min, som òg heitte Endre, gjekk tidleg inn i felemakararbeidet. Som gjætar-gut bar han med seg ei liti lerskreppe full av stillepinnar som han grovspikka for far sin. Far min spela òg fele, men meir til heimleg bruk. Eg er takksam for dei sermerkte, gamle slåttane han lærde meg.

Det er ein ven brureslått som har vorte teken vare på av oss her på Sandland, søndre. Denne slåtten har gått frå ættled til ættled og ikkje vorte spela utatt.

I slutten av 1800 åra var bestefar min, og broren Aasmund ein tur til Setesdal for å selje feler. Då overnatta dei på heigarden Øysæ hjå bjønneskyttaren Gunleik. Dei låg på låven. Den natta låg det òg ein tilreisande bjønneskyttar som hadde ein stor bjønnehund med seg. Det var ikkje dynnar for låven, men bjønneskyttaren batt hunden sin i dynneopningi og sa: «Det er dynn god nok.»

I Setesdal vart dei vel mottekne av eit gjestfritt folk. Grautgryta vart sett i benken i millom dei. Då dei spila, kom det folk frå gardane og fylde stoga. «Å fele fe okko, so gama,» sa dei.

Bestefar min, Endre, var jamt so kry og glad. Han tykte det var so gildt å liva. Han ynskte at han kunne ha livt livet oppatt, så gildt hadde det vore. Jamleg gjekk desse brøane, Endre og Aasmund til messe i Brunkeberg kyrkje.

Bestefar min, Endre, døydde i 1926 bare 49 år gamal. Broren, Aasmund, som var ugift, livde til 1932. Eg gøymer gode minne etter Aasmund, han var so snill med meg. Bar meg på armane, og når det var matmål, sat eg med han i benken.

Det gamle stogehuset med arbeidsromet vert nå teke vare på i lag med dei andre husa på garden. Her har mange spelemenn gått inn og ut, og her har slåttene frå felestrengen lydt. Her har ungdomen vore samla til dans og leik.

Det er vel so at ættene ber sitt preg. Eg må sei at eg har ein rik ættradisjon med song og spel. Song har det vore både på morsida og farsida mi. På farsida mi er det at felespelet har livd.

I denne samanheng lyt eg nemne langbestemor mi, Aasne Hakesdotter. Ho var mor til bestefar min, Endre. Ho skulle ha so ven i songrøyst. Eg har ein gamal folketone til ei salme etter henne. Eg fekk lære denne folketonen av Ingebjørg Sudbø, syster av bestefar min.

So stend denne gamle ættegarden her med sin rike tradisjon. Det er vår oppgåve som liver i dag å bera arven framover til komande ætter.

*Endre E. Sandland*

## Då sosialismen kom til Vrådal

I kring århundrad-skiftet tok arbeidsfolket i Vrådal til å vakne til meir aktivt og målmedvite politisk arbeid.

Til denne tid er det berre dei rikaste og mest innflytelsesrike gard- og skogeigarar som hev styrt bygda i eit og alt. Men i desse åra kring 1900 tok arbeidet med riksvegen langs Vråstrandi til. Betre økonomiske tilhøve og ein del innflytte annleggsarbeidarar er med på å setje meir fart på utviklinga. På denne tid kom Torbjørn Templen til Vrådal. Urædd og politisk intrussera, med eit aldri sviktande pågangsmot tende han snart den politiske fakkelen der han kom. Og stifta fram gjennom åra ei rekkje parti-lag i Vest- Telemark.

Stutt tid etter han kom til Ytre Vrådal på vegarbeide flytta han til Flateland i Øvre Vrådal, då arbeidet tok til der. Der vart han og nokre av dei ivrigaste arbeidarane der oppe samde om å prøve ein framstøyt hausten 1901. Det var kommuneval då og Templen ha føreåt havt kontakt med arbeidarar i Ytre Vrådal. Han fekk med seg nokre arbeidarar frå Øvre Vrådal og tok rutebåten som då gjekk på Nisser-Vråvatn til møte som var tillyst i «Kyrkjestoga» på Sanden, der dei frå Ytre Vrådal og skulde koma. Men det var mange som ikkje torde møte fram, då dei var rædde for å miste arbeidet sitt eller bli utkasta frå husmannsplassane sine.

På dette møte vart dei samde om å stille opp Torstein Århus frå Øvre Vrådal og Olav Årstad frå Ytre Vrådal. Og det lukkast å få inn bae. Dette var betre enn nokon venta og er blitt ståande som eit storhende i bygdesoga. I åra etter var soleis ordtaket: Det var det året Torstein Århus gjekk inn og kaksen ut. Men dei borgarleige vart både førstekte og rædde og harma seg over utviklinga. Some prøva å harsellere det heile burt. No kjem det ikkje til lukte anna enn fis og sveitte på kommunehuset. sa ein av dei største gardbrukarane.

Templen fekk straks skulda for dette resultatet og vart oppsagd frå husværet. Men det var og dei gardbrukarar som var meir frisinna, so Templen fekk straks hus ein anna stad. Men det var nok ikkje berre moro å kome i heradstyret for ein arbeider den gongen. Det var berre rike kaksar der som nedlatande såg på desse med vanvyrndad. Dessutan var det ein stor økonomisk påkjenning for ein arbeider den gongen. Dei ottast represalier og skoft minka den vesle inntekta dei ha.

Det var ikkje godtgjering for den slags arbeid den gong, so det høvde arbeidarane måtte skramle saman so dei valde kunde møte og difor var det dei som var med i kort tid. Men Olav Årstad var ein flink og hard kar og dertil ha han eit småbruk som han etterkvart skapte om til eit mønsterbruk so han var ikkje so god å få skot på anten på den eine eller den andre måten. Torstein Århus stod berre ein periode 1902-04, men Olav Årstad vart attvald 1905-07. Men bae var seinare i skulestyret og Olav Årstad vart etterkvart seinare med i dei fleste nevnder ein kommune hev.

Ved valet i 1908 fekk Øvre Vrådal inn sin representant: Eivind Haukenes som då stod i eit til 1915.

Det var Eivind Haukenes og Olav Årstad som var arbeiderførarane og ha dei viktigaste tillitsyrkje gjennom mange år.

Dei sleit og ofra mykje for arbeidaranes sak.

Ein må kome ihug at det var apostelhestane dei helst bruka den lange vegen til hovudsoknet. Svarte natta var det ofte før dei kom seg heimover etter heradstyre og andre møte. Eivind Haukenes hadde godt tri mil og gå dertil over Vråvatn å ro på det breiaste rekna ein veg, so det er mest utenkjeleg idag at dei kunde greie det. Men det var gutar som kjende pliktene sine.

I perioden 1908-10 kom Olav Holte inn i staden for O. Årstad. Sumaren 1908 kom partiarbeidet i Vrådal inn i meir faste og organisasjonsmessige former. Torbjørn Templen skipa då det første partilaget i Ytre Vrådal på Straumsnes skule, etter eit agitasjonsmøte 5 juli ved redaktør Henrik Berg, der dei som regel ha møta sine dei første åra. Omlag 10 medlemmar teikna seg då og Olav Årstad vart første formannen.

Ved valet hausten 1910 kom O. Årstad inn att i heradstyret og arbeidarane vart godt representerte i skulestyre, likn.nevnd o.s.b.

I 1912 byrja det store annleggsarbeidet med dammane og slusone ved Små- og Storstraumane. Det sette kveik i partiarbeidet og for første gong vart det skipa ei

fagforening i Vrådal. Mange anleggsfolk, både fagfolk og andre utanbygds frå kom hit og mange frå bygdi fekk seg arbeid der. Ein del av dei innflutte ha røynsle frå både parti- og fagrørsle. Vrådals Arbeiderforening av Norsk Arbeidsmandsforbund vart skipa då av annleggsarbeidarane. Og den første ordentlege 1. mai feiring i Vrådal var i 1914. Fagforeninga ha då fenge sauma fane som dei bar i toget. Det var kona til ein arbeidsformann Strand på annlegget som sauma fana. Fana er fint fråseg gjort, med snorer og duskar i raudt og gult. På den raude duken stend med fine gotiske bokstavar i gul tråd, på framsida: Vrådals Arbeiderforening 1914. 8 timars normal arbeidsdag. På baksida: Norsk Arbeidsmandsforbunds emblem og med store bokstavar: Enighed er Styrke.

Toget gjekk frå annleggsbrakkone på Straumsnesmoen til vegkrysset ved Furuheim og attende til Straumsnes skule. Det var mange i toget, både bygdefolk og dei innflytte annleggsarbeidarar. Det var god musikk i toget, ein Hans Haugen spela trekkspel og Sel spela fele. Etterpå var det bl.a. foredrag av Sakkrissen og visesong på Straumsnes. Då annlegget var slutt gjekk denne fagforeninga i oppløysing og fana overteke av arbeiderparti-laget. Den er siden boren i alle 1. mai tilstellingar i Vrådal. I dei seinare år hev Ytre Vrådal og Vråliosen skiftast om å ha desse tilstellingane.

Det var Olav Smedsli som kom inn i heradstyret 1914-19, men Olav Årstad vart varamann og møter mykje i heradstyret. No kom det ogso partilag i Øvre Vrådal og Kittil Skare (Kilen) vart den første formannen der. Dei fekk innatt Eivind Haukenes 1917-19.

Men etter verdskrigen 1914 kom ei opprivande tid med strid og splid i arbeiderlag. Den russiske revolusjonen ha skapt store voner om ei betre tid for arbeidsfolk. Dei fleste meinte nokk at tida var inne for å snu utviklinga eller som dei hermer etter ein av førarane her: Samfundet må «kvævast» (d.v.s. snuast rundt). Men det var måten det skulde gjerast på. Sume meinte det russiske mønster var det rette. Andre heldt hardt på det måtte gjerast på demokratisk vis. Det skapte stor strid i partilaga og sume vigla hit og dit. Bankkrakk og krise, fylgd av ei stor arbeidsløyse o.s.b. skapte grobotn for syndikalistiske og kommunistiske tankar og mange var ute og fiska i opprørt vatn. Men då dei fekk sjå «Moskva-tæsune» som dei svivyrdsleg sa fekk pipa ein annan låt og det bar mot samling i slutten av tjue-åra.

Her i bygda var folk stort sett rolege og sindige so dei rett store bølger var det ikkje. Og arbeidsløyse, naudsarbeid og fatigforsorg som dagleg kost sveisa arbeidsfolket saman, so dei gjorde seg sterkt gjeldande og mange radikale framlegg vart fremja.

1920-22 kom Gunnar Kvæven frå Ytre- og Arnt Skogen fra Øvre Vrådal inn i heradstyret med Olav Årstad og Leif Sanden som varamenn. 1923 kom Olav Årstad inn att i heradstyret saman med Arnt Skogen. Dette året kom ogso Olav Sunde inn og stod som medlem av heradstyret - med unntak av ein periode - fram

til krigen då han sjølvsagt måtte ut. Men det er krise og naud som merkjer desse åra. Vrådal partilag sender brev og deputasjon til heradstyret og fær trumfa gjennom løyving til avhjelp av arbeidsløysa bl.a. til vegarbeid Vråliosen - Kilsbekk som soleis blir påskunda av den grunn.

1923 var Olav Årstad sterkt på tale som ordførar. Men frå denne tid er det først og fremst Olav Sunde som er talsmannen for partilaga i Vrådal. Ein stø og sakleg kar som ikkje kjem ut av balanse. Desse som her er nevnde og seinare Tor Skipar som døydde i ung alder var i tillegg til sin innsats i heradstyret og nevnder kjerne-troppen i partilaget.

Men ein del andre av «gamlekarane» fortener å nevast for sin innsats i parti- og kommunalt arbeid: Mikkjel og Aslak Nordskog, Gunnar Holte, Olav T. Sanden og Aslak Kvæven. Desse er no i 70-års alder, men framleis medlemmar av partilaget i Ytre Vrådal. So svært mange innskrivne medl. hev laget aldri havt men ein solid og trufast kjerne hev halde arbeidet igang. Ellers er det sjølvsagt dei år det er val som set meir kveik i arbeidet. Ellers lid arbeidet av at der ikkje er eit samlingshus i bygda. Før var møta haldne i skulehusa, men etter det vart hindringar for det, helst på Rosenlund og rundt om i heimane til partifolk.

\* \* \*

Bøkene åt laget vart henta av lensmannen under krigen og hev ikkje kome til rette att so det er vanskeleg å få med alt slik det skulde vore.

Desse hev vore formenner i partilaget i Ytre Vrådal:

Olav Årstad, J. Svalland, Gunnar Kvæven, Jens J. Halland og John Nordskog fram til krigen

Etter frigjerings: Trygve Bergland, Hans Skipar, Olav Herregården, Hans Snøås, Johans Hauge og Gjermund Kåsa

Ved vali hev Arbeiderpartiet stadig havt flest røyster her i bygdi og det har no vore arbeiderstyre i kommunen i lange tider.

*Tor O. Sanden*

Eg skriv dette ned hausten 1953 etter eg ha intervjuet Torbjørn Templen og andre av dei gamle og ajourført årstali med heradstyreprotokollen.

## Husmannsplassen Eikedal i Dalane

I Dalane var det mange husmannsplassar fyrr i tida, særleg i nedre delen av bygda, der det var ei heil lita grend. Ein av desse var Eikedal som var plass under Tveit, vestre. På denne plassen budde Vetle og Birgit i mange år, Um det var Vetle som hadde rudt plassen er uvisst, men det kan vera han. Vetle var fødd på Baugerud i Åmotsdal i 1813 og kom som ung til Tveit som tenestegut og var der nokre år til han vart gift med Birgit Auversdotter som var fødd i Kleivmorki i 1803. Den fyrste tidi budde dei på Kvåle, ein plass under Tveit, vestre, fyrr dei flytte til Eikedal. Eikedal var nok ein heller liten plass for dei hadde ikkje kyr der, men ein 5-6 geiter som dei til naud kunde fø yver vinteren. På dei små åkerlappane som var der, sådde dei vel litt jordeple og kanskje litt korn.

Vetle og Birgit hadde to born, ein gut og ei jente, Torbjørn fødd i 1840 og Gro i 1843. Torbjørn hadde visst hatt den engelske sjuken då han var liten, og det hadde nok sett spor etter seg for han var delvis lam i eine sida og elles noko tusfen og sein av seg. Det gjekk ei herme etter honom: «Det hastar ikkje!» sa Torbjørn.

Ein gong då Torbjørn sat innmed skorsteinen og vermde føtene sine, spratt det ein glo frå varmen og la seg millom tærne honoms. Då mor honoms gådde det, sa ho at han måtte få vekk gloen med det sama, svara Torbjørn: «Å lat han bare ligga, han sloknar nok!» Torbjørn vart aldri nokon arbeidskar å rekna for og gjekk heime med foreldra sine og tusla i alle år. Gro måtte tidleg ut på teneste og vart sidan gift med Nils Auverson Lundevallsdalen. Dei reiste til USA i 1869.

Vetle dreiv som skinnfellmakar og arbeidde med det mestedelen av tidi. Han reidde saueskinn og laga skinnfellar og skinnhitir for folk i bygda og elles omkring. Skinnhitin vart laga som ein sekk med faslar på so dei kunne barast på ryggen. Dei vart mykje bruka på den tid til å bera korn og mjøl i når dei var på kvenni og mol. Skinnfellan var for det meste bruka til sengeklede og var nok varme og mjuke å ligga i, men også ein god yngleplass for lus og anna utøy som dei vart plaga av på den tida. Inne i den vesle stoga som hadde bare to små rom, heldt Vetle til med arbeidet sitt, og om dei ikkje var meir enn tri, måtte det nok vera trøgt om plassen, skulle ein tru.

Far min, som var fødd på plassen Kvåle som ikkje var so langt frå Eikedal, var mange gonger der bort då han var ein gutonge og såg på med Vetle arbeidde med skinnfellan sine. Var det um sumaren kunne han knapt vera der inne for då var der mest svart av flugor. Ein må reint undre seg at folk kunne liva i noko slikt, men for Vetle var det honoms livebrød, so det måtte nok gå som det kunne um det såg aldri so ille ut.



*Så feite og fine kyr hadde han aldri sett.*

Dei plassfolka som dreiv med eit eller anna handverk i dei tider livde nok etter måten betre enn dei som måtte slite og arbeide på gardane og ikkje hadde stort anna enn maten til betaling.

Vetle trudde fullt og fast på tussar og andre underjordiske vesen og det gjeng mange historier etter honom om det. Her er ein historie som Vetle skal ha fortalt: Vetle reiste ein dag fyri jol upp i skogen og skulle draa heim noko ved han hadde der. Utpå dagen sette det inn med eit fælende snøver so han måtte gjeve upp etter han hadde drege heim eit lass. Morgonen etter då Vetle kom ut på hella, fekk han sjå at resten av veden honoms hadde kome heim um natti. Vetle var viss på at det var tussane som hadde drege veden heim.

Ein gong fortalde Vetle at han såg ein bøling med tussekyr. So feite og fine kyr hadde han aldri sett fyrr og på horni hadde dei klåtur som det glitra og skein frå. Det var som dei skulle vera av det reinaste gull. Ein morgon då Vetle hadde fylgt geitene sine langt til skogs, kom han visst for nære der tussane heldt til for brått

høyrdet han det ropa: «Kom ikkje meir med geitene dine her, Vetle, for her beiter bølingen vår.» Vetle lova dette og frå den dagen var han visst alltid godvener med tussane.

Birgit var bakstekjerring og fór ikring på gardane og baka. Hadde ho ei ledig stund heime, sat ho med rokken og spann. Birgit og Vetle var strevsame folk og hadde det vel etter måten bra. Dei hadde ikkje so mange munnar å mette som det elles var på plassane omkring. Vetle var grovbygd, men heller liten av vekst. Han hadde digert heilskjegg som nådde honom langt ned på bringa. Ein hardhaus var han av det rette slag. Men ein gong hende det han noko som lett kunne ha kosta han livet. Vetle hadde ein vinterdag reist på ski oppover mot ein nut som heiter Tolvskarnuten for å sjå etter nokre hjasasnørur han hadde ståande der. På heimvegen ned den bratte lia, rende han mot ei gran og slo seg so ille at han vart liggande i uvit. Det var kaldt den dagen, og då han kom til seg sjølv att, var han mest stivfrosen. Til slutt fekk han då kara seg upp og litt etter kvart fekk han so mykje varme i skroten at han fekk stavre seg heimatt. Vetle vart ikkje god att på fleire dagar etter den turen, er det fortalt. Birgit fekk tæring so ho skranta og vart sjuk siste året ho livde. Far min minnest at han var med mor si til Eikedal då Birgit låg på det siste. Ein kan vel knapt tenkja seg korleis ho hadde det. Vetle stelde nok med ho det beste han kunne, men likevel.

Birgit døydde i 1875. Vetle og Torbjørn budde på Eikedal ei tid framover, men kom so tilslutt på Gamleheimen i Dalane. Vetle vart ein gamal mann på 89 år då han døydde i 1902. Torbjørn døydde sama året 62 år gamal. Etter dei flytte frå Eikedal, hev plassen stade øyde og no mest attgrodd med skog.

*Aasmund Bjørnflaten*

## Brunkebergssongen

Brunkeberg, vene stad.  
Her eg sprang som liten unge.  
Her eg gret for sorger tunge,  
men var au so kry og glad.  
Her i dine bjørkelier  
hev eg gjætt so mang ein gong.  
Her eg sprang blant bjørk og vier  
lo og song.

Brunkeberg, aldri kan  
eg dei vakre åsar gløyma.  
Kvar eg gjeng vil minni strøyma  
på meg i frå fjell og vang.  
Kvar eg enn i verdi vankar  
kan eg aldri gløyma deg.  
Du er jamt i mine tankar,  
kjære deg.

Brunkeberg, høgt og fritt  
skodar yver Kvitseid-dalen.  
Nordskogskredun' øvst i salen  
lyser mot deg, bjart og kvitt.  
Lenger ute fjell og nutar  
blånar fagert rad på rad.  
Desse trauste kjempegutar  
gjer meg glad.

Brunkeberg, grend og gard.  
Her hev mange ætter streva.  
Her skal nye ætter liva,  
veksa upp frå gut til kar.  
Me skal sjå det vent vil veksa  
der me eingong planta til.  
Ja, då vert den gamle leksa  
ven og gild.

*Sverre Fossjord*  
(1951)



# Litt om skyttarlagi i Kviteseid frå 1880 åri, og litt uti 1900 talet

I 1888 skreiv Jon Hol denne kampsangen:

«Gamlingen paa tinge skal faa stemme trygt og kjækt  
bagom Rifleringe av vor unge slækt»

Jon Hol var ved Kristiania Ingeniørvesen, og vart arrestert for dette diktet.

Det var vel unionstriden i 1880 åri som var grunnlag for skyteintressa i Noreg, og for skyttarlag. Det er noko uklårt når Telefylkets Folkevæbningssamlag vart stifta. Ein stad stend det: 1893, ein annan stad 1885. Eg trur me held oss til 1885. Stortingsmann Viggo Ullmann og Peder Rinde baud inn til møte på Farøya i 1882, men det heiter då: «At i og med dette møtet oppløses det midlertidige styre.»

I «Amtssamlaget» var styrken 43 skyttarlag med 1100 skyttarar. Omlag 500 rifler og 48 tusen skot i 1893. 5 av laga kom frå Centralforeningen. Styrken auka straks til 1400, men so minka han noko. Og auka dinæst til over 1400, med 800 rifler og 99 tusen skot i 1906, då kløyvinga kom. Yvergangen til Krag rifler skaffa vanskar, avdi det var so mange eldre modellar som fekk uord på seg. For å skunda på kjøpet av K.J.rifler heldt samlaget opplag, og prisen var berre Kr. 32.00, men det tok lang tid likevel.

Telefylkets Vestre skyttarsamlag ser ut til å vera skipa på Gvarv den 12 juli 1882, og det heiter då at «I og med dette møtet oppløses det midlertidige styre.» Millom varamennene i fyrste styre var Nils Botnen (Seljord Kviteseid. Nils Botnen var formann i Krokan skyttarlag (Seljord) i 1882-84). Rinde var formann dei to fyrste åra, og i 1884 Ullmann, so kom Nils Botnen. Han var samlagsformann i 6 år. Han var og inspektør.

«Rifleringen» Kviteseid ser ut til å vera det fyrste laget i Kviteseid, med formann O. Haugan i 1882, og J. Brauti i 1883. Notatar frå dei to åri visar: 32 og 30 medlemmer og 5 og 15 rifler.

Fjågsund er i 1887 notera med 8 mann og 4 rifler. Forman. J. Østnå.

I 1901 møtte dei med 3 Krag gev., og 15 av eldre modellar. Interesse ser ut til å vera litt opp og ned. Skytebanen var mot ei ur ved Ånås.

Morgedal møtte i 1888 med 15 mann og 6 rifler. Formann J. O. Raamunddalen i 1888 til 1890. J. Sollid i 1891-92.

Kilen tok til i 1898, med 11 mann og 4 riflor. Tor Larsen var formann frå 1898 til 1901. J.H. Kilen 1902 og 3. Kristen Jordgrav i 1904. Hallvard Lid 1905. Kr. Rui 1906. O.T. Jordgraff 1907 til 11. Tor Nordbø i 1912 — Per Nykaas i 1921, S. Rue i 1922 til 25. T. Bukaasa i 1926. Sv. Kaasa i 1927 til 31. Då ser det ut til slutte.

Brunkeberg starta i 1893, med sume fråver til 1926, dei hadde då 11 mann og 4 rifler. Morgedal ser ut til å starte att i 1899, og til 1921, då dei slutta med 25 mann og 9 rifler. «Morgedølan skulle ikkje berre vera skilauparar — dei skulle au vera gode skyttarar!»

Vrådal starta og opp i 1893 til 1926, ein siste freistnad med 13 mann og 6 rifler i 1928.

Kviteseid skyttarlag, stifta i 1893. Lista over medlemmer i 1993-95. Tveit Olav, Tveit Bjørgulf, Grave Jon, Holst Frants, Sundsbarm Eivind, Rugtveit Guttorm, Nyland John, Pedersen Oluf, Oppebøen Olaf, Seland Hans, Homman Knut, Haugen Gunnar, Roholt Olav, Neset Jørgen, Fossheim Sveinung, Johannessen Simon. Lii John, Nordskog Aslak, Rødbakk Christopher, Surkosi Kittil. (Snau-nes), Skarprud Endre, Sundt Peder, Mogen Olaf, Midtbøen Aslak E., Gadeholt Saave, Haugan Tallef, Skarprud Johs. T., Rugtveit Knut E. Myri Anders, Draugedalen Gudmund, Homman Knut, Aslestad Tallef, Strand O. Jarandsen Tov, Skibsted Leiulf, Haugejore Tarjei.

Me hev òg litt kjennskap til utgifter som fylgde med. Her er nokre døme: P.Sundt for leige av lokal. kr. 1. Kjøp av papp kr.0,75, fragt 0,40. Arbeidet 5 skiver a/kr.0,15. 1 flaggline kr.0,20.

Udbytte av festen 17 Mai Kr. 23,66

Det fyrste som er skrive om skytebanar er ei rekning frå 1894. Det er ei rekning frå Peder Sundt for leige av bane til Kr. 10. Den hev vel vore på «Flatin» ein stad. Ellers skaut dei vel der dei fann lagleg. På «Høysvev», borte ved Skarprud, hev eg høyr at dei dreiv og skaut. Men i 1906 etter ei «Extraordinær» generalforsamling blei Kviteseid Vestre, Sundbygden og Dalane skyttarlag innbedne til møte på Kommunehuset om ein felles Kommunal «Skydebane» på Ystestaul-mogen. Dalane skyttarlag møtte ikkje. Denne banen vart det ikkje noko av, då Sundbygden skyttarlag trekte seg.

Det hev nok vore noko gnissing millom Kviteseid vestre, og Sundbygden skyttarlag, for same året søker dei Kviteseid Sparebank om 100,00 Kr. om det bli bane med statsbidrag. I 1907 kom eit forslag frå Thor Vaa og Østen Orlid om å leige skytebane på Midtsund og Steinrud for eit tidsrom av 20 år mot ei godtgjersle av kr.50 og 37 kr. pr. år.

Vedtak: «Til at bestyre arbeidet ved den muligens opprettede skytebane velges: A. Nordskog, E. Sundsbarm og Th. Holen. Protokollen er underskriven av: Chr. Rødbak, O. Mathisen, Andr. Utsond, Aslak Nordskog, T.T. Skarprud, Th. Holen, Albert Jørgensen, Petter Midtsund, H. Huvestad, S. Sakkrisen, A. Aabø, Olaf Halvorsen.»

Dette ser ut til vera slutten på samarbeidet millom Kviteseid V. og Sundsbygden skyttarlag. Banen vart det ikkje noko av. Etter rekneskap og årsmelding frå 1907-08, ser det ut som det hev vori eit alvorleg oppgjær.



*Strauman skyttarlag 1922.*

I 1898 var det «Amtsskyting» på nigard Nordskog i Strauman. Her fortalde far at storskytteren Tom Seeberg frå Ulefoss var med. Haldet var 400 meter. Han stod og prøveskaut, av frihand, og fekk ein nier, då skruva han på siktet, og skaut ein blink!

Sitat frå SKYTTARSAKA I NOREG. Det er visst at Tom Seeberg i denne tida var den beste skytteren i samlaget. År etter år nådde han resultat, som vi reknar for makelause no med. - 8,53 i medeltal i meir enn 100 skot ståande på 400 meter til døms- greidde han i 1897!

Det kan vera litt meir å fortelje frå denne skjotingi. Ein norskamerikaner som heiter Harald, var på gamle trakter i 60 åri, og fortalde han hadde vore på den skjotingi. «Då det lei ut på ettermiddagen slutta anvisingi på 400 meteren! -Då dei kom bort i gravi låg anvisaren og sov! Der låg nokre tome «LUNDETANGEN» ved sida. Um kvelden var det premieutdeling og fest på «Uppistogu». – Om morgonen kom det ut frå stallen ei jente og ein gut, som stod utfor stalldøri og plukka hestehår av kvarandre. Dei hadde nok «BUA» hjå Vesleblakken dei.

Dette var på den tid «Strømstadlensa» gjekk på sitt beste.

Som liten var eg med far på «sjoting» på Litveitfloti i Strasumann. Dei skaut 100 og 200 meter. Anvisarane på 200 meter låg vanleg bak ein stein, noko tilsides for skivene, på 100 meteren gjekk dei bort og såg på treffi sine. Litt bort frå standplassen sto ei gamal «Bastogu» (eit lite hus der dei turka korn i). Taket var trekt langt fram og her var ei hylle til å setja frå seg kornsekkane. Her hugsar eg Kjetil,

senioren blandt skyttarane, stod og ladde om patroner når han hadde skote ut dei han hadde med heimanfrå. Han hadde ein Remington 4 linjers med blykule.

Eg ser han for meg, ein stor kraftig kar, med heilsjegg, litt falma vadmålsdress, med svart hatt av «Morgan Kane» typa. Her sto han og stakk ut knallen med ein syl, bles i fengholopningane inn til kruttet, la på knallen, snudde sylen og slo knallen i med skaftet. Mælde so til svartkruttet og trykte den sjølvstøyppte blykula på plass. Reiste so attende til standplassen og skaut vidare. Når det vart skote med svartkrutt såg ein ikkje skivene før røyken hadde trekt vekk. Ja, det var i den tid då det ikkje var stoppeklokke eller skytedressar det.

Det var store kuler i dei eldre gevær. Ein «Kamerladning» hadde ei kule med tverrmål på 16 mm, med 27 grams vanleg rundkule. «Remington 4 linjes» 12 mm. med blykule på 25 gr. So kom kal. «10,15» «Jarman» med blykule som vog 21,5 gr. Og til slutt «Krag» med 6,5 mm.

Det mest nytta banegevær i dag.

Skjotingi blei i eldre tid ikkje tekje so alvorleg som nå. Det var ein måte å koma saman på om sundagane, men feltmanøver, som dei hadde til vanleg i påska var noko sers. På ein av desse var det ein skyttar som streva med frihåndsskoti sine, han såg truleg «dobbel». Då kjem ein kamerat burt og spør om han skal hjelpe, «Ja vi du de so va de bra,» sa han. Kameraten skaut dei 2 siste skoti. «Takk skø du ha, du er ein go kamerat». Det var meir moro i dei dagar.

Trass i dårleg dekningsplassar for anvisarane, og ikkje slik «disiplin» på standplassen, var det inga skyteulukke som er kjent.

## Dagbokblad frå Kviteseid-byen i 1907

Då Aslak L. Sandåker var 26 år og ferdig med handelsskulen prøva han seg som handelsbetjent i Kviteseid. Han førde dagbok og me tek med noko av det han skreiv dei fyrste vikune:

Den 19. juni 1907 tek eg til som handelsbetjent hjå Simon Johannessen. 20 de Det gjeng utruleg. Ja, noko småfeil iblandt med utrekning av prisar, og vrangt å få det på grammet med vikti, so sume stader tapar eg litt, og sume tider dei som handlar – so det gjeng upp i upp. Slikt kan hende fyrste dagen. 21. Eg hev handla med prestar og prestekjerringar. Skrivarfullmektigar og handelsreisande, Ordølar, Morgedølar og Vrådølar som tenkjer på å reisa på skule. Og so hev eg løtt litt ved med dyrlegen. Kl. halv ni svinga «Telemarken» inn til bryggja. Mykje folk var med. Dei fleste skulle til Skien på ungdomsstemne no til St. Hans. Mange fagre

drosir, kvitarma, smilande, livsglade – ? Skraphandlarar hev fare gjennom bygdi og byen og kaupt alle fillur og filleklær, so no gjeng alle i finpuss og kyrkjeklær – dei hev kje anna – skrapet hev reist.

22. juni. Eg hev kvelda etter ein strævall dag. Du kan tru dei handlar på ein laurdag. Det er ein heil dag å forsyne seg til. Og so skal det liksom vera litt finare òg med helgi, skjønner du. Då skal dei hava seg eit og anna nytt klæplagg – og vorterkake, egg og meir slikt fint i kosthaldet.

Hyttebyen er ein livleg by etter storleiken – liksom sentrumet for all handel og samferdsel. Her møtest dei frå alle kantar av soknet for å handle, for å selje – men mest for å kaupa. Herom fer all den vare dei skal hava i Seljord, Ordal, Morgedal og Dalane. Ja, mykje til Vinje, Mo og Rauland med. Her er havn og sjøbu – her er apotek og doktor – tannlege av og til – stadig smed – kaffesal og hotell – handlarar og spekulantar i fleng. Her bur prest, skrifvar og lensmann tett ved. Her er glitrande fjord og romsleg innseiling, der båten kjem byrg og breid kvar morgon og kveld – og der elskande ror i ljose, blide sumarnettar. Fisken vakar og smågutane dablar på stråndi. Ungdomen drøymar om elskhug og framtid. Og dei gamle ser attende på livet. Some med stor sorg og svikne voner. Her er i grunnen eit friskt og kvikt folk heromkring, men pietismen hev lagt si tunglynde hånd på mang ein ungdom som stendig hev høyrt um ein toregud og det brennande hel.

Sundag 23. juni. Eg vakna i fuglesong, og soli smilde blidt gjennom glaset. Himlen var klår – og det kvilde heilag sundagsfred yver alt og alle. Fjorden låg still og drøymande. Skogen stod grøn og fager – liksom pussa og flidd til helgi. Folk gjekk i sundagspuss – velnøgde og blide. Vinden vifta so ender og gong. Krusa små byljur på vatnet og bøygde seg mjuk og kjælen over alle ungtrø i skogen.

Klokka er ti og sundagsrutebåten kjem sigande. Men kva er tiss? Han ser då meir ut som ein lauvlund enn båt. Friske, fine bjørkar rundt på alle sidur og i mastetoppen. Inni millom ser eg fine folk fara att og fram. Det er jonsøkeftan! Ikkje under at alt er so fagert og ljost.

Måndag 24. Gudbjørg vekkjer meg kl. halv sju ved å tromme på veggen med limeskaffet. Alt var ved det sama og himlen like høg og ljøs. Eg stelde meg, og gjekk ned. Tidleg kom folk i bui. Ja, fyrr eg åt måtte eg skaffe ei kjerring kaffesukker og noko anna småtteri. Folk kom og gjekk. Ein vanleg dag. I gårkveld sat me inne og diskutera relegiøse spursmål, men i kveld var me upp og såg på den nye heimen til Simon og Maren – rektig ein liten fager heim med herlegt utsyn og blømande vollar.

25. Mange prestar i byen. Skal vera prestemøte i Seljord i morgo. Ting på komynen, buvask i Kviteseid landhandel. Møte på Gunhildskos i Lundevallsgrendi. Tungetalarar Breien og Holte frå Skien.

26. Stengde kl. 8 og drog på eit møte saman med ein handelsreisande og Simon. Møtet var på Haukom. Breien tala strengt og dømande, og mange syntes etter

kvart at det vart heller utriveleg det heile. Me gjekk då kl. halv elleve. Friskare og friare ute under Guds høge himmel.

27. I dag kom prestane att frå Seljord. Dei finaste hev i dag svinga seg i byen. Mykje drøs og prat om tungetalen. I kveld møte på Midtsund hjå Tov. Men eg rådde ingen til å reise dit.

1. juli. «Aasmund Vinje» kom i dag – ny og fin. Mange møtte og skulle sjå på han som bar namnet etter Telemarks tankesprakande diktar. Han er visst lik gamle Aasmund – han likar seg tilfjells. Han såg liksom velnøgd ut der han strauk oppyver mot Dalen.

2. juli. «24 dagskarane» drog til Gråtarmoen – skal øve seg i eksis, krigføring og manndrap. Råskapen liver i kyrkje og stat, og i alle «kristne» samfunn.

10. juli kjem soli fram og 11. byrjar folk med slått. Den eine hesja etter den andre reiser seg og det er god avsetnad på hesjetråd om det er 30 øre kilo. 12. Soli renn yver reinvaska åsar og soltyst jord. I dag hev eg bore og selt sukker, tøy og kaffe – ført dagbok og hovudbok. Eit svare arbeid i denne hiten. Gudbjørg hev lært meg livsvisdomen sin – tidleg upp og tidleg i seng.

13. Fælande varmt. Livleg handel.

14. Fest på Ekserhuset. Tale av kappelan Ask, dr. Werner og seminarlærer Vik frå Notodden. Mykje folk. Songkor frå Fjågesund. Talur om praktisk kristendom og fråhaldssak. Um kvelden leik og moro på «gymnastikken» – beljespil og dans, fyll og ufjøl ungdom. Det er ei skam at kjekke gutar skjemmer seg slik – drikk og gjer seg galne.

20. Denne viko hev eg hatt so travelt med høying og handel at eg ikkje hev fenge tak til å skrive noko. Hev høya inn Dølheim – fekk mykje høy.

21. prøva eg dei nye klædi mine for fyrste gong. Dei passa godt og eg lika fargen. Men so kosta dei òg 33 kronur. Kaasa (fotografen) er her enno. I dag sende han ballona si upp frå hotellhagen. Mange var samla, men ingen fylgde med tilvers.

Skreddar Haugestøyl er ute på reis. Vert burte i 8 dagar og det er stilt på verkstaden, der som elles er so annsamt og travelt frå kl. 5 um morgonen til kl. 9–10 um kvelden. Takk, Haugestøyl! Du trugne, strevsame kar som held det du lovar og stend som ein mann på din post!

Kvelden 22. Tri av byens unge møyar rodde ut til ei vik for å lauge seg. Fjorden låg blank og varm etter ein heit dag. Dei klær av seg for å svala likam og sjæl, men so kjem nokre gutegapar roande og skiplar paradiset for dei.

30. Dagane gjeng. Travelt og lite tid til å skrive. Ustadigt ver i det siste, men no er det bare regn. Gamle Lars spår flaum og eg trur han vert sannspådd. Gav i dag ei krone og firti øre til Margrethe Botnen for eit fjordungår av «Norske Intelligentsedler». Vonar snart å få høyre korleis dei stugar inne i hovudstaden.

1. aug. Smeden er reist til Bitdal og Mary til byen, so no er her stilt. Ingen klang og ingen sang – jau, fuglane syng som elles.

# Tømmerfløtning i Dalane- og Morgedalsåi

*Av Harald Oppebøen*

Iskogbruket som i andre næringar spelar avsetnadstilhøva ei stor rolle. I skurlast-tida fram til hundreårskiftet, var det vanleg det grove tømmeret som var brukande og som blei best betalt. Dette førte til at det berre blei dei grove trea som blei hogge. Skogbruket blei difor eit haustningsbruk, dei mindre trea blei ståande i skogen. Slik stod skogen til industrien gjorde ei omveltning i avsetnadstilhøva. Då sagbruka og industrien i Skiensdistrikta kom, auka tømmermengda i vassdraga til det mangedobbelte.

Då blei det bruk for dei mindre trea, og skogproduksjonen tok seg opp.

Elvane har i mange hundre år gjort det mogleg å nytta skogane oppover i bygdene langs vassdraga, og gjeve mange menneske betre levkår.

Eg skal her taka for meg litt om fløtninga i Dalane- og Morgedalsåi som i mange år var ei viktig åre for tømmerdrifta i dei øvre bygder. Fleire dammar blei bygde for å gjeva høvleg vassføring i elvane. Men elvane var den første tida lite utbygde for tømmerfløtning slik at mange gonger var det store ulemper for gardsbruk og eigedomar langs elva. Etter kvart blei det bygde sidedammar som hindra vatnet i å fløyma over.

Fløtningsarbeidet blei sett på som eit fårlegt arbeid. Det blei ofte store haugar med tømmer som vasa seg i kvarandre og som kunne vera vanskeleg å løysa. Mange av fløtarane kunne heller ikkje symja, so det kunne fleire gonger stå om livet. I Dalaneåi i Haugefossen var eit punkt som skaffa fløtarane mykje bry. Her var det oftast at tømmeret vasa seg i store haugar. Ein gong var tømmervasen heile 20–25 meter høg, fortel Aasmund Bjørnflaten som arbeidde som fløtar i omlag 25 år.

Denne store vasen fekk dei etter mykje stræv løyst ved at dei tetta vasen på øvre sida med bar og kvist og slepte på ein ny dam slik at vassføringa blei større og vasen løyste seg.

Elles høvde det og at dei måtte bruke dynamitt for å løysa tømmerhaugane.

Den første tida kom tømmeret i heile lengder og då hadde det naturleg lett for å hope seg opp, og mykje av tømmeret blei soleis sundslege. Tømmerfløtarane hadde ein stri jobb og ofte måtte dei arbeide heile nettene for å få klargjort elva. Fløtinga tok til i slutten av april, og største drifta kom ut over i mai. I bukter og sideelvar måtte dei laga tekstar som dei frå først av batt saman med vridne vidjer for å halda tømmerstokkane saman. Men tidt blei desse vidjene sundslitne, so det var ei lette då det kom jarnhakar med lekkje. Det blei bygt fleire utgangsdammar,



*Lensekarar. Teikning Erik Werenskiöld.*

dei øvste i Øyfell var Hovdendammen, Viksdammen og Buvassdammen. Her gjekk tømmeret ned til Oftevatn i Høydalsmo. Vidare i enden av Oftevatnet var Oftedammen som førde tømmeret i Dalaneåi og vidare ned til Sundkilen i Kviteseid der det var lense. I Morgedal låg Hemmestveitdammen som òg førte tømmeret til Sundkilen.

Ein må ikkje gløyme mannen som hadde jobb som dambod. Når dammanne blei slepte, måtte dei sende dambod nedover bygda. Ein slik jobb hadde Ståle Djuve, som var dambod i omlag 30 år. Ståle lika godt dette arbeidet og tykte det var gilde turar frå han byrja med å setja opp damflaket i Aabøhylen i Dalane og til han hadde snudd nede i Kviteseidbyen. På heimvegen tok han ruta på vestsida om Lisland til Nørstrudbrua og då hadde han i alt gjenge 4–5 mil. Folk tykte det var kosleg å sjå Ståle koma til gards, det var som han kom med bod um vår og snø-løysing. Men han kunne òg ha strie turar når dammen blei slept um ettermiddagen, og Ståle måtte i veg seine kvelden. Ja, det høvde jamvel at han måtte vekkja opp folk midt på natta. Ein gong i vårflaumen brotna luka i Oftedammen, og Ståle måtte so og seia kappspringe med dammen for å åtvara folk.

Ja, det er mange minne som knyter seg til åi, seier Torjus Hauglid som i mange år arbeidde som fløtar i Dalaneåi.

– Kjem òg i hug fisketurane seine kvelden, etter ein lumrevarm sumardag. Det beit godt i kulpar og småstryk oppover mot Aabø og Bratterud. Både ein og to

småaurar slo etter fluga på same tid. Det kunne bli fiskehenkar på opptil 50–60 på kvelden. So var det tømmerfløtinga um våren. Åi gjekk stor og trugande langt inn over jordi med damvatn frå Øyfjelldammen og Oftevatn.

Tømmeret, stort og ukappa, la seg i veldige vasar og haugar og stengde ålaupet i desse vanlege vasastøi, Granøy, Aabø, Djuvefossen, Stråndøy og fleire stader. Der arbeide fløtarane natt og dag. Mange stader stod livet på spel. Heim til gardane kom fløtarane når det var matmål, våte til oppunder armene mange gonger. Då dei hadde vore inne ei stund, var det fullt av vassdammar over heile golvet. So var det matstell. Olav Stormyr koka kaffe, sterk som bek. Sume skjefte hakar, og kanskje sat 3–4 andre og småkrangla for moro. So var middagskvila ute, sekken blei slengd på eine aksla. Gunnar Aaskleiv og Olav Stormyr fekk lærskepene på ryggen, og so reika alle etter kvarandre ut til ei ny arbeidsøkt.

– Det var ein sein kveld først i mai, seier Torjus. Me var tri mann som stod og drog ut stokk for stokk av tungt hausthogge tømmer oppe i Hartholrenna. Dammen gjekk. Det braut og braka i fossane. Det iskalde snøvatnet slo kring ein so beina var dovne og valne. Timane gjekk og det leid mot høgnattes. Då smaka det godt å få mat og kvile. Me rusla trøyte og støle over åsen til Aabø. Tarjei er åleine. Han sit oppe og ventar so me skal få koma inn til varmen, endå han hadde vel tronge nattero, han som dreiv med våronnarbeid um dagane.

Du minnest nok ei slik vårnatt. Det durar oppe i fossen. Borte i stryken høyrst dumpe dunkar av stokkar som puffar mot kvarandre, inn mot land skvalpar byljene ei etter ei.

Den myrke åi, skogen på kantane, fjella, alt ligg sveipt inn i den blågrå nattedisen, og so den vedkjømlege susen frå flaumvatnet. I støvlane surklar og skvett det for kvart steg me tek over svaberg og stein.

I slutten av 1800 blei «Skiensvassdragets fellesflødningsforening» skipa, og her kom «Dampedalsåi fellesfløtningsforening» med, som seinare blei til «Morgedal- og Dalane samfløtning».

Fløtarane hadde sine faste rotar å passe, men seinare gjekk dei langs heile elva om det var trong for det. Tømmeret gjekk som nevnt til Sundkilen lense der det blei samla i klubbar og ført ut fjordane til Ulefoss og Skien.

Før kanalen kom måtte dei sleppe tømmeret ut i Vrangfoss. Om fløtinga her skriv Lund i slutten av 1800: «Den saakaldede Vrangfoss, som lidet over en Mil fra Øvre-Tellemarkens yderste Grendser i syd omtrent er beliggende, er et Vandfald, som har et steilt Nedfald og udløb mellem trange og i bunden ugjevne Klipper, den er af den Beskaffenhed, at det Tømmer, som deri nedkommer, formedels andre i forgaende Aar deraf brækkede Tømmer-Stokke binder sig sammen, bliver staaende, og uden nogen Folke-Hielp og Arbeide ikke kan komme til at flyde videre. Som nu disse Øvre-Tellemarkens Sognes Skov-Eiere, intet andet Vanddrag have for deres Tømmer, Fremdrift, og Grunden, hvorpaa denne Foss ligger, behersker de Kjøbmenn der have Tømmer-Handelen i de næstmeldte Sogne, saa

følger naturligvis deraf at samme Sognets Indbyggere maa give bedre Kjøb paa deres Tømmer, end om denne Foss ikke var dem i Veien. Indbyggerne af næstmeldte Sogne have derfor havt i Sinde at ville søge at faa denne Foss sprengt, men denne Sag er endnu uafgjort.»

Vrangfoss er omtala og eit stev, der det heiter:

«Og skal eg stille den stride  
straum  
so den fær ikkje renna,  
so skal du løyse den store  
brukshaug  
som i Vrangfoss mon hange.»

Etter bygginga av kanalen blei tilhøva betre, og bøndene fekk betre pris for tømmeret.

I åra framover frå 1865 auka tømmerfløtinga i vassdraget. Til Skien gjekk det i 1865 41.500 tylvter og dette auka framover slik at det i 1898 blei ført fram 132.482 tylvter.

Dalane- og Morgedalsåi blei nytta til tømmerdrift, men når Sundsbarmreguleringa kom var det slutten.

«Tømmerfløterne» av Werenskiöld som stod på dei gamle hundrekronesetlane var frå tømmerlensa i Kviteseid med bygdefolk som modellar.


## Dei første bilane i Vråliosen

*(Gunnar Naper fortalde til Olav Ibrekke)*

Den første bilen i Vråliosen blei kjøpt av Petter Flatland i 1917 eller 1918. Bilen var merket Overland.

Petter Flatland – som åtte hotellet i Vråliosen – køyrde ikkje sjølv, han leigde sjåfør. Dei første åra – fram til 1926 – var det Paul Wagner som var køyrekaeren for hotellet.

Denne Paul Wagner var av tysk opphav. Han kom frå Tyskland med bilen som Fyresdal kommune kjøpte i 1910, og som blei sett inn i rute til Bandakslisli. Dette var nok den første bilen som kom til bygdene her i Vest-Telemark.



*Drosjebil i Krossli litt etter 1910.*

Etter at Wagner slutta ved hotellet, kom det ein sjåfør frå Seljord. Men i 1929 selde hotellet bilen til ein mann i Fyresdal. Salgsummen var visst nok 700 kroner. Hotellet kjøpte ikkje bil att.

Hotellet bruka bil til drosjekøyring, delvis i samband med hotelldrifta. Det var på denne tid livleg turistrasjekøyring. Turistane kom med jernbanen til Treungen og reiste vidare med rutebåten «Dølen» på Nisser og Vråvatn.

Dei som då skulle vidare over fjellet til Vestlandet, måtte ha bilskyss frå Vråliosen. Skyssinga gjekk stundom heilt fram til Odda, men oftast bare til Haukelid, der bilar frå Vestlandet tok over. Trafikken var til sine tider så stor at det i Vråliosen var bruk for fleire bilar på same tid.

Denne skyssinga kunne vera ein krevjande jobb. Med det bilmateriellet og dei vegane som då var, kom ein ofte ut i vanskelege situasjonar.

Vegane var sjølvstekt bare grusveggar, smale og svingute, og ofte med djupe hjulspor. Sjåførane sat også i stadig frykt for å møte hestekøyrarar. Hestane var på denne tid uvante med bilar og motordur og kunne difor bli så vitskræmde at dei blei heilt ustyrlege når ein bil kom etter vegen.

Mang ei kjerrehjul blei knust mot stabbesteinar og fjellskrentar når hestane «skar ut», og mangt eit stygt ord blei sagt om bilar og sjåførar av fortørna hestekøyrarar.

Men største problemet for bilsjåførane i denne tida var den dårlege bilgummien. Dekk og slargar var av ein elendig kvalitet. Punkteringar måtte ein alltid rekna med høyrde til dagens orden. På ein tur til Odda eller Haukelid var det vanleg med ein eller fleire punkteringar. Ofte måtte sjåføren reparere bilslangen på

vegen og pumpe dekket opp att med handpumpe. Når då bildekket var av typen høgttrykksdekk som skulle ha eit lufttrykk på 80–90 pund, kan ein forstå at det blei ein varm jobb å stå med handpumpa. Det var ikkje sjeldan at enkelte av passasjerane i slike høve måtte ta ein tårn med pumpa for å hjelpe litt på sjåføren.

Desse punkteringane var ei slik plage for sjåførane at det hende når dei punkterte på tilbaketuren med tom bil, at dei i staden for å lappe slangen stappa mose og lyng inn i dekket så dei seint og forsiktig kunne humpe seg heim att utan at dekket blei øydelagt ved å køyre på felgen.

Far min, Ådne Naper, kjøpte bil i 1920. Det var ein Ford T-modell. Desse T-modellane var såkalla «fotsjalta». Det var bare 2 gir framover, – høgget og lågget. Lågget var kobla inn når ein med foten trykte inn ein pedal og heldt han fast og hardt i inntrykt stilling. Når ein slepte pedalen opp, kobla ein inn høgget – som også blei kalla «direkten». Dette blei brukt når det var flat veg. I motbakkar og tungt føre brukte ein lågget. På dette giret gjekk bilen seint, men var forholdsvis sterk.

Det var tungt for foten å køyre lenge på lågget. Enkelte brukte difor ei vedskie som dei plasserte mellom instrumentbordet og pedalen, så dei på den måten heldt bilen i lågget.

Eg henta bilen i Oslo, eller Christiania som byen då heitte, og køyrde han heim til Vassendstøyla. Eg hadde tatt sertifikat i 1919. Dette tok eg i Oslo. Eg gjekk på eit 3 månaders teknisk kurs der inne.

Sjølve øvingskøyringa for sertifikat var fort gjort. Det var tilstrekkelig med 3 timar. Sjølve oppkøyringa for sertifikatet blei gjort ved å køyre langs etter Bygdøy Allé. Det var heile prøva.


Denne Ford T-modellen hadde me fram til 1927. Me brukte han til privat bruk og til drosjekøyring. Kven som helst kunne ta på seg drosjekøyring når dei hadde bil og sertifikat.

I 1927 – i samband med at sagbruket og trevarefabrikken på Skreosen gjekk over til aksjeselskap og eg blei disponent, kjøpte eg ein lastebil. Me kunne då levere materialar direkte på byggeplassane. Dette var ein stor fordel for oss. Tveitsund Bruk i Treungen, som var vår viktigaste konkurrent, kunne bare levere materialane på bryggene langs Nisser og Vråvatn. Kjøparane måtte då sjølve transportere dei vidare.

Denne lastebilen var også ein Ford T-modell – med 1.000 kg lasteevne. Lasteplassen var noko stutt for materialtransport, men førarhuset var smalt, så det blei plass på sidene.

Me lasta då slik at dei korte materialane blei lagt bak førarhuset, og dei lange stakk me fram på sidene. Men dermed blei dørane på førarhuset stengde, så sjåføren laut nytte glasert i døra for å kome seg inn og ut av bilen.

Bilen hadde 20 hestekrefter motor, så ein hadde ikkje mykje krefter å rutte med. I motbakkane gjekk det svært sakte. Ein gong opp frå Dalen kom det ein



*Drosjebilar på Haukelid i 1920-åri.*

annan bil etter, og ville forbi. Men vegen var smal og eg oppdaga ikkje bilen som var bakanfor.

Denne bilen stoppa, og sjåføren sprang fram til meg og bad meg køyre ut til sida så han kunne koma forbi. Fortare gjekk det ikkje enn at denne sjåføren nådde fram til meg bare med å bruke føtene.

I 1929 kjøpte eg ein lastebil, ein 2,5 tonns Ford A-modell, med tvillinghjul bak. Denne hadde fast boggi, men ein kunne heise det eine hjulpåret opp og feste det med ei kjetting når ein ville køyre med bare enkelthjul.

Med denne bilen begynte me vinteren 1929/30 å brøyte vegen langs Vråvassstrondi ut til Eidsto. Bilen hadde 40 hestekrefters motor, så ein måtte køyre seint. Det var mykje snø denne vinteren, og når snøbrautene blei for høge, sette me i gang med snømoking.

Vegvaktaren var med og brukte snøskuffa, og elles var arbeidskrafta billig i denne tida. Me hadde ein fast sum for brøytinga, som var like stor anten det blei mykje eller lite snø. Summen var kr. 500,- pr. år.

Denne bilen hadde me bare eit par år. Då kjøpte me ein ny Ford lastebil, med 45 hestekrefter og utan boggi, men som lesste like mykje som den forrige med boggi.

Denne bilen hadde me til 1936. Då kjøpte eg ein som gjekk på trekol. Eg har alltid likt å eksperimentere litt og prøve nye ting. Då eg blei kjent med at ein verkstad på Lillestrøm hadde eksperimentert ut ein trekolgenerator som laga gass som kunne nyttast som motorbrensel, blei eg så interessert at eg kjøpte ein ny lastebil og fekk montert på ein slik generator.

Kol brende me sjølve i ei spesiell «mile» oppe på Skreosen. Men denne bilen og generatoren hadde mange «tekniske svakhetar» og diverse manglar, så det var ingen av sjåførane som blei serleg glad i han.

Bilen vekte stor oppsikt, og folk undrast over at det var mogleg å laga drivstoff til bilar av sagbruksavfall og ved frå skogen.

Ein starta bilen på bensin og slo seinare over på trekolgass. Ein kunne også blande inn litt bensin saman med trekolgassen når ein køyrde. Det blei då større trekkraft på motoren. Men alt i alt var denne bilen så vanskeleg å køyre på trekolgass at sjåførane ofte slo over på rein bensindrifft når dei var ute på transportoppdrag.

Ein bil som skulle gå på trekolgass, måtte ha større motorkompresjon enn vanleg dersom han skulle få tilstrekkeleg trekkraft. På denne bilen var dette ordna med å slipe ned topplokket på motoren. Dette førde til at ein fekk trøbbel med lagra og stempla, fordi trykket blei for stort.

Ein gong eg var til Oslo med denne bilen, begynte det å banke i motoren. Men det gjekk på eit vis til eg kom til Flatdal og Seljord på tilbaketuren. Men oppe i bakkane mot Brunkeberg blei det eit voldsomt rabalder, og så var det stopp. Resten av vegen heim måtte gå med tauging.

I den siste delen av 30-åra auka behovet for biltransport, og då krigen braut ut, hadde bedriften Skreosen 3 lastebilar – ein Chevrolet, ein Oldsmobile og ein Ford. Chevroleten blei rekvirert av det norske militæret i 1940, og han hamna heilt oppe i Åndalsnes. Denne fekk me aldri att. Dei andre to lastebilane brukte me under heile krigen – og då med påmonterte vedgassgeneratorar.

Sjølvs hadde eg i 1939 ein Opel kaptein personbil. Denne var me på langtur med nede i Europa i august 1939. Me kom heim straks før krigen braut ut mellom Tyskland og Polen.

Det var spennande å køyre i Tyskland desse dagane i august 1939. Det gjekk ein masse militærtransportar, men det såg ut til dei køyrde helst om nettene. Vegane var svært godt oppmerka, så det var lett å køyre der på den tid.

I Berlin fekk me med oss ein gut som viste oss rundt. Han var svært interessert i å snakke med oss. Det var varmt på denne tid, og ein dag gjekk me inn på ein restaurant for å få oss noko å drikke. Men så kom det inn nokre SS-folk og sette seg ved eit bord i restauranten. Då fekk me ikkje eit ord meir ut av guten. Han blei tydeleg varsam då dei uniformerte kom.

Med den personbilen me hadde i midten av 1920-åra, dreiv eg også øvingskøyring med personar som ville ta sertifikat. Me brukte bare 3–4 timar til denne køyringa – det var heile opplæringa.

Gustav Lønnegraff i Vrådal var bilsakkyndig for distriktet her, og det var han som godkjende køyringa ved sertifikatprøva.

Prøva var ganske enkel. I Vråliosen gjekk køyreturen frå hotellet og ut til Kaupmannsfloti og attende. Det var det heile. Gjekk turen bra, fekk ein sertifikat.

I 1925 gjekk Olav Gåstjønn, Halvard Naper og Gjermund Aamdal opp til sertifikat samtidig. Prøva blei gjort i Eidsto. Køyreturen gjekk frå verkstaden til Gustav Lønnegraff og ut til Slokvik og attende. Dei tri kandidatane skiftet om å køyre på denne turen. Det gjekk bra, og alle tri fekk sertifikat. Det var enkle trafikkforhold og enkle krav og reglar i dei tider.



## Store-Kjetil og vesle Kjetil fortel

Store Kjetil Gulløy fortalde: Eg gjekk ei gong upp lian frå Kvitesidfjorden te Brakandalen med ein hondre kilos sekk på ryggen. Som eg kom på høgdi stoppa eg og stødde meg mot to bjørkeleggir. Då lea dei seg. Det var føtan på ein elg. So fort hev eg aller kome meg te Brakandalen noko gong, la Kjetil til.


Han låg åleine heile vetran i Brakandalen og køyrde timmer. For å halde litt auga med han var dei ut og lydde heime på Snaunes. Det var når dei trudde han var framme på Knipa med ei timmervende. Dei sa at når Store-Kjetil snytte seg på Brakandalen, hørde dei det til Snaunes på andre sida av Kvitesidfjorden. Ein gong rodde eg so hardt ivi Kvitesidfjorden at dei såg bylgjun etter pråmen ivi te Vrådal, fortalde han.

Det vart tala om fæle snøvintrar. «Verre sjo-vet enn det året me hogg og køyrde timmer i Lønnegravs-heii kan eg ikkje minnst, sa Kjetil. Me rotsokka trei. Om våren då sjoen reiste fekk me sjå syn. Stuvane var tolv alne høge. Eg hadde lagt slæpa ivi ein stein som var like høg som det største huset i Vrådal.»

Ein gong hadde han fått litt for mykje av det sterke. Han skulle ut i Slokviki der han køyrde timmer. So kjøpte han seg to kilo salt sild i Eidstøi og åt upp, fortalde han. På Bru-enden fekk han seg ein liter geitemjolk. Då han kom ut til Slokviki, la han seg i løa. «Men eg tyste etter all sildi, veit du. Eg hadde eit pylsespann å hente vatn i. Men det nytta kje med spann. Sist på måtte eg leggje meg oppmed kjelda.»

Store-Kjetil flytte til Gjerpen.

Vesle-Kjetil, bror hans, flytte til Vrådal. Han fortalde: «Det var ein haust det var so vanskeleg om timmerhogst i Vrådal. Eg og ein til fekk langt om lenge hogst



«Eg kunne snu hest og drog på stuvan.»

borti heian mot Tørdal. Der tok me te å hogge saman på ei overhendig stor furu. Me dreiv på heile ettermiddagen. Te slutt laut me kvile. Eg gjorde meg ein lang sving rundt furo. Der trefte eg ein tordøl som hogge på andre sida av furo. Han blei so forondra. Ingen av kånn hadde merka at me hogg på same treet.»

«På Flekstveit - hei var eg au i kast med ei avleggjans stor grån. Det måtte to mann og ein gutongje for å sjå te toppen på ho. Eg minnest at eg snudde hest og drog på stuvan som ingen ting. I fallet gjekk gråni av på midten. Ho var so tong at det nytta ikkje å kjøyre ho motbakk. So måtte me køyre den eine delen til Lårdal og den andre te Dalan.»

«Eg såg ein hauk som tok ei kråke utmed Bukkøy. Det blei eit forferdeleg kråkeleven. Kråkur frå heile Vest- Telemark samla seg ivi røvaren og skeit ned på ryggen honoms. Han blei tyngre og tyngre av all fugleskiten. Te slutt stupa han i fjorden og sokk som eit bryne.»

Ein gong var Kjetil på revajakt. Han skaut, men bomma. Reven hoppa gjennom eit piggrådgjerde, men pelsen låg att på tråden. «Eg var ei gong på tere-leik og skaut og skaut på ein drustleg tere. Te slutt såg teren ut som eit dørslag, men endå sat'n like godt,» sa Kjetil. Han hadde ei kyr som var so framifrå god til å mjølke. «Ho molka ei full bytte i målet. Men det var ingen ting mot det som låg att i båsen,» fortalde han.

Etter som Kjetil fortalde sprakk botnen i Brakandaltjønne under jordskjelvet i 1903. Då lok vatnet ned. Ein kunne plukke heile sekker med fisk på turre botnen, fortalde han. Men både vatn og fisk kom att. Kjetil og ein til fiska trytur der ein gong. «Me fekk fem hundre trytur og vel so det,» sa han. Då ein av lydarane ymta om at det vel var små-pætur dei fekk, sette Kjetil i: «Små-pætur, seier du. Det var kje ei under kiloen, farr, og eg og Halvor bar dei heimatt i ei vending.»

Men andre har ogso opplevd merkelege ting, ikkje minst med fisk og fisking. Ein vrådøl såg auren vakte etter svolun i Reinskos-tjønne. Ein annan gong beit fisken so skjømeleg. «Eg måtte gøyme meg bakom ein stein då eg skulle setje ny makk på kroken. Då eg endeleg slengde uti, beit fisken oppetter heile taumen,» fortalde han. Uggan på ein aure han såg uppi vass-skorpa lyste store som bakstebord.

I verds-litteraturen les me om baron Münckhausen og dei forunderlege opplevingane hans. Dei karane me har høyrt om i dette stykket er av same slaget som han.

Ljuging, seier du. Nei, dette er eit utslag av uvanleg livleg fantasi. Alle bygder har hatt slike forteljarar. Dei skader ikkje nokon med sogene sine. Det er ei form for diktning - folkedikting. Som med all god folkedikting bør dei beste av desse sogene ikkje koma i gløymeboki.

## Sundkilen Dampsag og Høvel

Ein må heilt attende til 1785 for å finna den fyrste industrielle verksemda i Kviteseid. Då sette futen Cloumann opp teglverk på Moen og laga tegel- og takstein av leire. Denne verksemda var i drift meir eller mindre i mange, mange år. Teglverkhuset blei rive i 1860 åra. Den neste verksemda er garveriet som brørne Vridt butja i 1886. Der etter er det Nyland trevare fabrikk som Håkon Lie byrja med i 1890. Så vidt ein veit var ingen av desse verksemdene lutlag.

Kring århundraskiftet var det fire tiltakshuga menn som fann ut at det måtte vera trøng for eit sagbruk i Kviteseidbyen. Tømmer var det nok av i skogane rundt omkring og tømmeret blei køyrd til området rundt bryggja. Ein del av dette kunne like godt køyrast til eit sagbruk. Tomt fekk dei leiga av Nils Botnen, ein av dei fire mennene. Botnen åtte Lunden og på stranda der måtte det vera lageleg plass til sagbruk.



*Kviteseidbyen 1903. Dei to husa til bøger på stranda er dampsaga.*

Dei fire mennene vart fort samde om at det måtte vera eit lutlag til drive sagbruket og laga vedtekter for lutlaget. Plan for sagbruket måtte ogso lagast. Då dette var gjort, vart lutlaget firmareregistrert den 25. mars 1900. Den formelle skipinga av laget vart gjort på årsmøtet 19. februar 1901.

Lutlaget skulle vera på 10 luter, kvar lydande på 1.000 kroner. Forhandlingsprotokollen frå møtet fortel at lutene vart bytt slik: Tor Vaa 3 luter, Nils Botnen 3 luter, Kristian Torp Hansen 2 luter og Halvor Lie 1 lut. Kvar lut skulle ha vågnad for 1.500 kroner. Av dette skulle 1.000 kroner betalast straks og resten seinare. Ein lut gav 1 røyst i laget, 2 og 3 luter gav 2 røyster. Meir enn 3 luter gav 3 røyster.

Paragraff 4 i vedtektene seier at »lutlaget vel seg ein ombodsmann som med sitt namn bind selskapet». Dei valde Nils Botnen til ombodsmann. Kven som blei vald til formann, er ikkje bokført.

Vassvegen var mest einaste vegen å få fram tømmer på den gong. Det måtte difor lagrast opp tømmer om sommaren til vinterbruk. For å få tømmeret opp or vatnet, måtte dei bruke kjerrar. Når fyrst stokken var komen på den, gjekk det lett opp, men det tømmeret som skulle lagrast, måtte leggjast i ruller og det var tungarbeid. Den ferdigskorne materialen bar dei opp i bakken og lødde der. Der var blaut grunn og mange gonger vanskeleg å koma til med hest og kjerre, særleg haust og vår og i regnver.

Halvor Lie hadde kjøpt lokomobil (flyttbar dampmaskine), saggreier og høvel og hadde kontrakt på dette. Lokomobilen blei fyra med hon og sagflis og var billeg i drift. Andres Dalen var fyrbøtar, John H. Solberg (seinare Nyland) var sag-

meister og Torggrim Seland var bakgut. Torjus Karlsrud og Talleiv Kvennes ordna med kjerraten og fekk stokkane opp til sagbenken.

Drifta kom i gang sommaren 1901 og alt såg ljost ut, men det visa seg snart at det var ikkje så enkelt. Etter kundelistene var det mange kjøparar, men mest var det småhandel og omsetnaden vart liten. Ofte blei det handla på «borg» og det var vankeleg å få inn pengane. På årsmøtet våren 1904 visa rekneskapsoversynet eit overskot på 900 kroner. Dette var nok ikkje reelt fordi det var uteståande krav på over 9.000 kroner. Mykje av desse pengane var uråd å få inn.

På det møtet vart Kr. Torp Hansen vald til prokurist og rekneskapsfører. John Solberg Nyland hadde no overteke luten av Halvor Lie, og blei vald til føre rekneskapet ved utlevering av materialar på sagplassen og levere dette rekneskapet til Kr. T. Hansen.

Rekneskapsåret 1904 visa at det var kjøpt tømmer for godt og vel 4.000 kroner. Underskotet det året var på 1.540 kroner. Det såg ikkje bra ut, men drifta gjekk vidare i von om betre tider. Det heldt ikkje. Då dei gjorde opp rekneskapet for 1905 var underskotet 2.700 kroner. No såg alle at det bare var ein ting å gjera. Sagbruket måtte leggjast ned.

Alt som kunne seljast, vart selt. Den store tunge lokomobilten skulle nedover mot Skien. Han hadde kome med båten med voner om eit langt «liv» på Lundenstrandi og så enda det slik. Den tunge ruggen var ikkje lett å flytja, det måtte knep til. Det er fortalt at dei la tømmerstokkar som skjener under han og smurde dei godt inn med grønsåpe. Så måtte fleire karar med jarnstaurar «vippe» lokomobilten fram tak for tak. Det var kje langt til bryggja, men det seiast at det tok ei veke å nå dit. Derfrå var det lastebåten som ordna med skyss vidare.

Med det var Sundkilen Dampsag og Høvel borte. Laget var lite og livetida stutt og tap var løna dei driftige karane fekk til takk. Dei såg framover, dei fire og skal ha takk for det og for at dei våga noko for det dei trudde på. Det er verdt å minnast dei for det.

*Tor J. Skarprud*

Kjelder: Møteprotokollen og rekneskapet for laget fekk eg låne av Frode Torp Hansen – og så fortalde Tor Steinarsen det han hugsar. Takk til baa.

Kjerrat var rundgåande kjetting med hakar i trerenne. Når tømmerstokken i vatnet blei «stukken» bort på kjerraten, følgde stokken med opp og automatisk puf-fa av på rett plass.

## Bakeridrift i Eidsto

Tarjei Nøra, opphaveleg frå Fyresdal, var den fyrste bakaren i Vrådal sovidt eg kjenner til. Han hadde bustadhus med bakeri i Eidstobyen, tett ved vårt hus, som var postopneri og telefonstasjon hjå O. Strømsnes. Som ungar fekk me avskjerin-gar og kremarhus med rester av kakepynt av han. Eidstobyen brann i 1922. Då flytte familien Nøra til Dalen og kjøpte Fossheim hotell som dei dreiv seinare. Eg var bare gutungen då, men hugsar det vel. Det låg liksom i lufti at det kom til brenne. Heime sat me gjerne uppe til langt på kveldane. På den tid hadde me ei hushjelp som heitte Kari Templen, ei svært populær og dugande ung jente. Ein kveld me sat og prata, sa Kari: «I natt trur eg det blir brann!» Og rektig nok. Klokka tri om natta kom Tarjei Nøra, bakaren og sa; «Eg trur det brenn!»

So var det å samle saman det viktigaste og koma seg ut. Me kom inn hjå Petter Ormtveit, rett upp på den andre sida av vegen. Tri hus strauk med i brannen. Det var Nøras bakeri, vårt eige hus og Eidsto Landhandel. På den tid hadde far min, Olaus, ein garasje på det stykket me kallar Myri. Garasjen stod ledig og ei tid etter kom ein bygdemann som heitte Amund Helgesen, som var utdana bakar og dropsmakar og fekk far til å bygge garasjen om til bakeri med vedskjol. Amund



17. mai 1918.

Frå venstre med flagget: Sven Ormtveit; med fløyta: Olaus Strømsnes; vidare Olav Kråknes Søgard (Uddedalen); alle dei andre: ukjende.

Husa frå venstre: Vrådal Handelslag; vidare Tarjei Nøra's med bakeriet; taket av Eidstø Landhandel; Sven Ormtveits hus.

dreiv med bakeri og dropsfabrikkasjon ei tid. Kor lenge det varde, hev eg ikkje notera. Bakeriet stod tomt ei tid, kanskje eit par år.

Ein dag eg stod med far i smia, kom det inn ein ung mann frå Tørdal. Han heitte Hans Øvrebø og var litt over 20 år. Sidan hev eg høyrte at han hadde 100 kroner i lomma og eit års praksis i bakarlære. Han gjorde avtale med far om å leige bakeri og hybel og dreiv godt i mange år. Det varde ikkje lenge før han kjøpte seg bil og byrja med drosje, men då leigde han med seg bakarsveinar som Arthur Waldenstrøm og Ottar Åsland. Noko seinare kjøpte han tomt av Petter Gravir og bygde hus med bakeri og kafé og flytta dit. Noko seinare vart han gift med jordmor Anna Berge og dei flytte til Dalen. Hus og bakeri selde Hans til bror sin Tor Øvrebø som dreiv bakeriet ei tid, men slutta og gjekk over til suvernirforretning og kafé.

Bakeriet til far blei då atter ledig. Han og Rutebilsjåfør Tjostolv Fossli blei så enige om å prøve med bakeridrift. Bror til Tjostolv, Einar Fossli, dreiv forretning i Nissedal og skulle vera ein av kundane. Ottar Åsland skulle vera bakar. Dette gjekk bare ei kort tid, samarbeidet knirka og bakeriet blei nedlagt på nytt.

Bakar Ottar Landvik frå Kviteseid fekk høyre om det ledige bakeriet og blei interessera. Han leigde bakeriet og husvære og dreiv ei tid, kanskje eit par år. Det var vanskeleg å koma inn på marknaden, for dei fleste hadde sine faste leverandørar, og han laut au slutte. Alt dette var fyrste verdskrigen. Seinare har det ikkje vore bakardrift i Vrådal.

*Sigmund Straumsnes*

(Sigmund Straumsnes overtok Myri etter Olaus, far sin, og bruka det til fjøs under krigen. Han reiv fjøset i 1948. Det var slutten på bakeridrifta i Vrådal, kanskje.)

## Asbjørn Berge

Asbjørn Berge var son til Kjetil Berge frå Landeru under Uppsonnd. Asbjørn var fødd i «dei tri sju-tali» og kom som sjuåring til Gotuholt for å gjæte. Seinare, då han blei vaksen, bruka han Gotuholt nokre år. I 1802 gifte han seg med Birgit Åse og dei fekk steds mål på Berge under Gotuholt.

Birgit var oppfostra på Draugedalen og var av fatige folk, ho som han. Det var no det gamle, det, må vita, at rik skulle rik hava og fatig laut fatig taka.

Asbjørn var snill i umgjeing, ærleg og grei. Han var ein dugande mann, ordsnar og tenkjande. Mange reglur og hermur er det etter han. Det var hugsamt å koma inn på Berge i dei dagar og mange kvilde der. Det blei alltid ei god stund å få hjå Birgit og Asbjørn.

Ein av dei som sveiv her mykje, var han Knut Sámundsson frå Øyan. Det var nok ei jente som drog mest – dottera Sigrid. Og so enda det då og slik at ho vart kona hans og flutte med han heim til Øyan. Ein av sønene deira var Asbjørn Knutsen, ungdomsskulestyraren på Notodden.

Tor Mogen frå Høydalsmo var hestehandlar. Det gjekk det ordet at Tor ikkje var nøyen med det som heiter ærlegdom. Tor kom ein dag til Berge ville handle hest med Asbjørn. Asbjørn hadde ei ung, sterkbygd hoppe. Tor sin hest var både selegnegen og turr, beinbroten og gamal. Tor gav hesten sin eit svepedrag, so hesten skvatt til.

- Det er hest, det Asbjørn, sa Tor.
- Eg ser nok det, svara Asbjørn.
- Skal me byte hestar?
- Nei, sa Asbjørn.
- Du tenkjer kanskje eg vil bedraga deg, ein gamal mann, sa Tor.
- Ja, kven veit når du bare fekk tak, svara Asbjørn.

Egelev Tollehømmen gjekk for å vera trollkjerring. Ho var vrong og håll på kjeften og var ingen stad lika. Ein kveld kom ho innom på Berge og ba om husveru for nåtti. På Berge var lite rom og Asbjørn sa som sant var, at det var uråd hyse nokon for dei. Då reis ho upp or stolen, håret tottest plent reise seg på hovudet hennar, og sa:

- Fær eg kje husveru, skal eg syne fram alle daudingane med Brunkeberg kyrkje!
- De kan kje du, svara Asbjørn, men eg skal syne deg dynni. Og dermed jaga han Egelev på trokki.

Uppskrivi av Johannes Skarprud omlag 1904

Asbjørn finn du under Råmunddal 23.

# Tommes Skotbakkan og Åsmund Uvyra

Tommes var fødd i 1701 og døydd på Runningen i Brunkeberg i 1789. Han likna mykje på dei gamle berserkane både i villskap og styrke. Stor og grusen var han, og vill og agelaus når dei ridine kom på, men derimillom var han smålåten og stillfarande.

På Tollehommen var ein stor kubbestol, som var stykjeprøve for dei beste karane: taka stolen med bae hendane og setja han oppå bordet. Men Tommes tok han i klypa og sette han upp under taket, han.

Han var ein fatig husmann og sleit tungt og lei mykje vondt i sine dagar. Tommes var hersvein og «låg ute» nedi Holstein i 1761 og framivi.

Til kvar jol bryggja han sterkt øl og blanda det med pors, og so drakk han og vart snart ør og vill. Då tok han på seg den gamle herbunaden sin, hengde sverde på belte og tok øksi i handi. Då var det på tid at kona og ungane pila seg på dynni, for då for han huse rundt i vill dans, so det huska i heile stogo, leika med sverde og øksi og hogg i bord og bjelkar, og villare og villare vart dansen.

Ein gong han bar seg på denne visi, hengde han seg til sist etter veslefingeren i ein jønnekrok i taket, og so heldt han ein stor kubbestol etter langetangen i andre handi. Men best det var, glapp take, og stolen datt ned og knuste vesletåi hans. Då gjekk ridi av honom, og han sprang og ropa på kona og ungan og bad dei fesle vesletåi hans.

Men fælaste varpe gjorde han då han tok Åsmund Uvyra. Åsmund var au heime i Brunkeberg og budde ei tid på Staulsli i Sandlandsgrenni. Han var mykje yngre enn Tommes, og hadde vore ute i krigen - truleg kring 1788. Åsmund var frikar, kor han for på ting og marknader, i bygd og by. Vidt vanka han au, for han var fehandlar.

Han var kje plent so stor og sterk, men so uallminneleg kvass og kræv, og eit mot so utor alle lag. Beint fram la han, anten det so stod um liv eller daude.

Tommes var harm på Åsmund som hadde teke «bjølla» frå han og sat etter tak. Ein dag kjem Åsmund frå skogen, berande på ei risbyrd. Då møtte han Tommes.

«Byri di æ skakk, set deg so sko eg retta på ho,» seier Tommes. Hin va godtruen og sette seg på ein stuve. Tommes til å skaka og rette på byri, men bind i det same taugi fast rundt stuvon, og so tek han tak i det lange skjegget av Åsmund og sleit det av han. Åsmund er bunden og det tek ei lang slotu for han kjem laus, og Tommes kjem unda. Åsmund legg det avslitne skjegget upp i hatten sin og ruslar heim med byri.

Tommes blei klagar for retten, men so fekk han mute det frå seg. Åsmund fekk ein tobaksrull for skjegget sitt, og då var alle fornøgd.

Ein haust då Åsmund Uvyra for med drifti si austivi te Kongsberg, selde han ei kyr te Jens Jønngruva på Meheii. Åsmund skulle fara innom på heimvegen og



Tommes tok tak i det lange skjegget.

få betalingi. Folk talde han frå å gange inn på Jønngruva om kvelden, når han for heimatt - og hadde pengar på seg. Det gjekk so mange fæle jysjur om folki der. Kråmkarar og fehandlarar hadde ofte vore ille ute, mange hadde endå til kome bort.

Men Åsmund let seg ikkje skræme eller ivitelje. Seint ein kveld kjem han inn på Jønngruva. Der sat tri skomelege karar inni stogu og glodde. Åsmund gjekk midt fram på golve. Han hadde ein uksepeis løynd under jakka. So seier han ærende sitt, men fekk ikkje svar. Dei bare småmulla med einannan noko som han ikkje skjona. So gjekk kona uti koven og karane etter. Der mulla dei og rødde ei lang stund. Det lydest som dei ikkje var samde. Best det er, kjem kona setande inn i eit førslag og legg på dynni og læser væl etter seg. Straks etter kjem Jens og dei to andre karane inn oto koven og hev hvor sin blanke kniv i handi.

«Æ de so de vi taka live mitt, so lyt de fysts skjenke meg ein pæl brennevin, so gjeng eg lettare i dau'n,» seier Åsmund.

«Nei!» seier Jens og akar seg innat Åsmund. Han akar seg unda og inn til veggen, og bed so fint han kan um brennevin.

– «De fær like for de i peningveska mi,» seier han. Då var det ein av dei andre som ba Jens gjeva honom brennevin. So kjem dei med ein pæl. Åsmund takka og lest drikke, men i det same skvetter han brennevinet i augo på dei. Gjer so ein sleng og spenner til armane deira, so knivane dansar. So gjev han dei nokre dugelege rapp med uksepeisen, ein etter ein, slag i slag til dei ligg på golvet i ei usse alle tri. Dermed skundar han seg mot dynni, men der møter han kona med ei bile i handi. Ho vil seta beint på han, og det var bare med naudi han greidde seg, endå han slo ho med dugelege rapp i hovudet fleire vendur. Sistpå fekk han gjeve henne eit spark, so ho blei liggjande vidopi ivi dynnestokken. Då ynka ho seg ille. «Eg sa deg de, Jens, at dette var ein speleg kar», sa ho.

Åsmund sprang nedi fjøse og løyste ut kyri han hadde selt, og dreiv ho fyr i seg ned til Heddal. Der fekk han selt ho.

Jens Vatnelian i Ordal var den beste skiløypar, nokon visste om i den tidi. På Tytegrav gjorde han ei skilåm ingen våga gjera etter. Låmi byrja langt uppi skogen og so utivi berg og bratte stup, hopp i hopp heile vegen. Sistpå var det ville flo'ge ratt ned i juve, der åi gjekk. Åsmund var kje plent noko skiløypar, men hadde likevel ikkje ro i seg fyr i han fekk prøve seg på denna låmi. Reiste so eins ærend til Tytegrav. Der lae han upp gjennom skogen og tok låmi nedatt, der Jens hadde fare. Han greidde seg godt heile vegen alt til siste hoppe nedi juve, då laut han nedpå.

Etter Kjetil A. Flatin: Gamle hermennar frå Telemark.

Tommies finn du som nr. 1 i ætti Sámundsson i Ættesoga.

## Fæsteseddel

Jens Zetlitz Sogneprest til Hvidsø Prestegjeld i Øvre Telemarken Gjør hermed vitterlig at han til Jon Kittilsen har bortfæstet et Stykke jord i Hvidsø Prestegårds Utmark, hvilket han må rydde, oprydde til en Husmandsplads der skal hede Lidtveit, som han og tilkommende Hustru nyder, bruger og bebor på efterfølgende Vilkår:

1. Pladsen har på den sydlige kant Halden og ned til Vandet Pladsen Strømstads Febeite til Vandskil, men nede ved vandet vender Strekningen sig nordlig og følger den øverste Kant af Strømstadvann, således at denne bliver fri til uhindret Pasage for Strømstad-Mandens Kreature til og fra hans Ujmark. Strekningen føl-

ger da Strømstad-Gjærdet fra Veien opefter indtil dette bøier sig i nord. Fra Gjer-dets Hjørne går nu Strekningen lige op over en Mo og siden opefter lit sydlig for nogle på en Bakke liggende store Stene, Samt deroventfor i den nordligste Kant af en Sydgående Bjergribbe og derfra lige op i en Jordrende samt derfra videre op-over Fjeldet til Nordskogs Fæbeite.

2. Innen for denne Strekning oprydder han al dyrkbar jord og benytter samme som han best ved og kand, ligesom han og der har Ret til at benytte al uopdyrkelig Jord til Fæbeite for hans Kreatur Vår og Høst. Så nyder han og fornøden Gjerde og Brændefang samt Husetømmer af Skoven deromkring – dog det sidste efter Udvisning – ligesom og den i Stykket værende Løvskov.

3. I årlig Afgift svarer Fæsteren 3 Spesid. – siger tre Spesidaler norske – som aflegges til Sognepresten på Hvidsø enten med Penge eller Arbeide efter Dennes Forgødtbefinnende. For arbeidet betales fra den 14de April til 14de Oktober 12 Skilling daglig undtagen i Skov- og for Slåttonnen, da han for hvert Måls Slåt nyder 8 Skilling Spesies, fra 14de Oktober til 14de April nyder han for hver dags arbeid 8 Skilling Spesies og sker så alt sådant Arbeide på Prestens Kost, ligesom det om må være Fæsteren tilladt at skaffe en forsvarlig Arbeidsmand i sit Sted, når han ei fra Pladsen kan være borte.

4. I de første 6 – siger sex – År som Fæsteren har Pladsen i brug og Rådighed svares ikkun det Halve af den i foranstående 3dje Post bestemte årlige Afgift, men efter disse 6 Års Forløb udredes den stedse med det fulde Beløb årlig.

5. Forøvrigt har Fæsteren og tilkommende Hustru at opføre sig mod deres Husbonde som tro og skikkelige Husmændsfolk bør i Følge derom gjældende Love og Anordninger og sig ei mod foranstående Fæstevilkår at for-se under Fæstes Forbrytelse.

Dette til Bekræftelse under min Hånd og Segl i tvende Vidners Overvær.

Til Viterlighed Hvidsø Prestegård den 26te August 1820.

J. Zetlitz

L.S.

O. Bjørnsen

Ole Blom

Foranstående Fæstevilkår forbinder Jeg mig at opfylde og efterleve i alle dele, hvilket hermed under min Hånd bekræftes.

Datum ut supra

Jon Kittilsen

Som Vidner underskrevne

O. Bjørnsen

Ole Blom

## Mitt liv

Mitt liv det hev vore so rikt  
på eventyr og anna slikt,  
på flaumar um vår  
i dei unge år,  
og dagar so vene som eit dikt.

Og draumar eg hadde i mitt sinn,  
so mange som lauvet veks på lind.  
Dei var sterke som ein straum,  
og dei var store som ein flaum,  
og dei leika seg som ospelauv i vind.

Og no hev eg vandra so vidt,  
men aldri eg gløymde deg Margit.  
For sa du at du var mi,  
og du vil vera det alltid  
og det kom i hugen min so tidt.

Men no då eg atter gjeng her,  
og eg høyrer dei seier at du er der,  
då blir eg aldri glad,  
for du gløymde det du sa.  
Det er best at eg aldri meir deg ser.

Men i minnet mitt og hugen min so sår,  
lyt eg bera det til gamle gråe hår.  
De va'kje som du sa  
då du smilte og sa ja,  
eg hugsar og ser det som i går.

S.U.



Attom desse bokstavane gøymer læraren Sveinung Mostaul seg. Diktet stod i jolenummeret av avisa Norig 1932.

Visesongaren Torvild Bjåland frå Morgedal song visa «ut i verdi» som han sa.

## Søren Breidalen

*Av Harald Oppebøen*

Søren Breidalen var født på Breidalen i Kviteseid 1747. Foreldri heitte Olav og Maren, men ho vart i vanleg tale kalla Mari.

Olav var bondeson og oppvaksen i Kviteseid. Mari var av prestætt, ei klok og gåverik ætt. Ho stod sak med Tveitmannen um Breidalen, det var eit gammalt feste som ho meinte å ha rett til. Saki gjekk i fleire år, men Mari vann saki og vart sitjande på Breidalen.

Olav var ein nevenyttig mann, og den gáva ervde sonen Søren Breidalen som vart ein vidgjeten handverkar. Han kunne gjera mest alt som føre bars. Han var snikkar, tømmermann og smed, men best kjent som rosemålar. Han gjorde òg nokre felur, og ein stubb av ein spelemann var han òg. Han reiste mykje rundt å måla og her er enno att fleire ølbollar og kister, men mykje av dette som han måla vart seinare overmåla då rosemålingi tok til å verta vanvyrd og eikefargen kom i staden.

Då Søren var omlag 27 år, gifte han seg med ei jente som heitte Margit Torjusdotter. Dei fekk 6 born: Olav, Torjus, Liv, Jon, Anne og Sigrid. Søren Breidalen var ein sterk og sprek kar. I dansen merka han seg ut og kunne slenge seg oppunder dei høgaste bjelkar i rundkast.

Ein gong råka han på ei bjørnebinne med to ungar, og då kom det vel med at han var lett på foten. Han skulle ein tur til Uddedalen, ein gard som ligg einbølt ei kvart mil frå Breidalen. Det var i den tid tett skog millom Breidalen og Uddedalen, og berre ein kronglut ferdslveg. På heimvegen møtte han ei binne med to ungar. Binna jaga ungane opp i ei stor furu. Søren nytta den tida og tok til beins det fortast han orka. Han heldt seg etter vegen heimetter, men var redd for at binna tok han att om han fylgde vegen for lenge. Han bygste i eit langt hopp tilsides av vegen. Komen eit stykke frå sto han ei stund og lydte, og brått høyrde han «dningi» og der kjem binna i fullt sprang og fór forbi. Søren tok beinaste vegen over åsane og kom vel heim til Breidalen. Snartenkt som han var visste han at binna, um han hadde halde vegen, hadde teke han og kanskje rive han sund.

I den tid var det mykje bjørn, og det råka tidt at han kom heim til sumarfjøsset og tok seg ei steik. Difor hadde Søren laga fjøsset so godt at han kunne vera trygg for bjørnen. Taket var tekt med tykke «Kåv» som var bolta i gardlega og åsane. Døri av tykk plank, med jarnstenger tversover og ei god loku. Vidare hadde han hengt ein stabbe i ein kjetting ned frå utskotet av mønsåsen og nedetter døri. I denne stabben var islegen kvasse jarnpiggar, og når bjørnen ville bryte på døri, kom stabben i vegen og dingla og slong att og fram. Når bjørnen puffa til han, kom han farande attende og hogg bjørnen med sine kvasse piggar. Denne stabben kunne sveivast opp og ned og var såleis til god nytte om nettene. Ein gong bjør-

nen kom til fjøset, hadde han bite store flisar av døri, men stabben hadde laga so mykje ulempe for bjørnen at han gav opp. Han prøva seg på taket, men kom heller ikkje inn den vegen. Til slutt gav han opp og rusla til skogs att. Frå Breidalen hadde bjørnen reist over til Uddedalen og brote seg inn i fjøset. Mannen der heitte Såve, han låg i løa og hørde uroi i fjøset. Han tok ein staur, fjekk jaga bjørnen som stod å slo på ei kyr. Men ein godbite ville han ha, og slengde seg opp i grinden der sauene stod og reiste med ein sau.

– Søren Breidalen budde alle sine dagar på Breidalen og døydder omlag 50 år gamal.

Son til Søren Breidalen var òg rosemålar og gjekk under navn av Jon Sundet eller Jon Drammen. Han var ein kjend rosemålar, tømmermann og ein god rimsmed. Han var født i 1783 og døydder i 1857. Han budde på plassen Drammen, ein plass tett ved vatnet millom Utsond og Sundet. Han selde òg brennevin, men då dette blei ulovleg og han såleis gjekk i næringa til brennevinshandelen på Spjotsodd, blei han sendt på tukthuset. Ovanfor Sundet budde det to gamle jenter dei kalla «Frydenbakkfentune». Dei var truleg komne nedanfrå bykanten som tenestejenter til bygd. Jon Drammen fiska mykje og iblandt gav han fisk til desse jentene. Seinare då dei såg Jon ned på vegen vinka dei og ropa: «Våres leverandør!» Etter Jon hadde vore på tukthuset og dei ikkje fekk fisk lenger, ropa dei: «Tukthuslem! Tukthuslem!» – Jon hadde rosemåla stova si og over døri hadde han skrive:

«Gud bevare hus og mann,  
på denne nøgne strand  
mot ildebrann og tyvehand,  
og andet ondt som skade denne mand.»



## Tone Haugan fortalde

Tone Haugan i Strauman var mykje interessert i alt gammalt og hadde eit uvanleg godt minne. Ho var av Sámundsson ætti og fødd i 1856. I 1880 gifte ho og Talleiv Gunnarsson seg og flytte til Haugan i 1884. Der budde dei so lenge dei livde og bår døydder i 1934. Tone fortalde at det var Talleiv Olavsson Bandaksøy og kona Anne Olavsdatter som rudder Haugan. Det byrja dei med i 1809 eller 1810.

Og so let me Tone fortelje:

### Um villdyr

Knut og Asgjer Smeodden budde på Bekkhus ovom Skarprud nokre år kring 1843. Ein sårmar det var so varmt, ville dei liggje i låo. Det var for varmt å liggja inne. Ei natt vakna dei av at det var noko som tassa på låven. Då såg dei ein bjønn som stod og glodde på dei. Han hadde labbane på låvebriki og stod ei stund og snufsa og bles, men gjorde dei ingen ting. Då han hadde stae slik ei stund, tassa han utatt. Då var ikkje Asgjer og Knut seine med å flytje innatt i stogo. Neste natt la dei seg på ramen\*) og trudde seg trygge der som var so høgt. Likevel låg dei og lydde, og ut på nåtti kom bjønnen att og kika upp til dei. Han gjorde ikkje ugang og tassa snart av stad. Då flytte Asgjer og Knut inn i stogo att og prøva ikkje å liggja ute meir.


I 1869 heldt det seg ein bjønn i Kviteseidkleivan. Olav Uppebøen, eller Olav Silamakar som dei fleste kalla han, kom ein kveld gangans frå Vrådal. Eit stykke uppi Kleivan, kom ein bjønn oto skogen og fylgde etter Olav mest til Smeodden. Der møtte Olav ein vrådøl som var på heimveg. Då snudde bjønnen og fylgde etter vrådølen til Verpe. Denne bjønnen heldt seg i Kleivan utyver sårmaren, men gjorde aldri folk noko. Ikkje dyr heller.

I 1850 åri var det mykje skrubbe. Olav og Gro Dalen budde då på Snaunes. Dei hadde ikkje kyr, men geitar som beitte i skogen rundt plassen. Ein dag kom skrubbane og tok alle geitane.

På gamle prestegarden bar det so til at mykje av buskapen blei løyst ut trettandagskvelden (6. januar). Budeia hadde fenge fri denne dagen og hadde fenge ei jente i sin stad. Tvo av tenestjentune ville gjera den nye budeia eit spikk og etter kveldstullet var ferdig, gjekk dei ned i fjøset og sleppte mest heile buskapen laus. Det var lite snø, men kaldt og kyrna lika seg ikkje. Dei sprang rundt i tonet og rauta og belja og ville innatt. Somme tok ein springtur bortivi jørdet. Best det var, kom ein flokk skrubbar springande frå skogen. Dei flaug beint på krøturflokken og fekk drepe ein kalv og tri sauir fyr det kom folk som med tyrilogur og skrik og skråll fekk jaga udyri.

\*) Ram – ramen var eit slag trev over kammerset i enden av huset.

Det kunne vera noko ope med ei slags tropp opp veggjen.



*Hans skyt på skrubben.*

I gamle dagar, ja heilt fram til 1900 og vel so det, heldt dei strok i stogune både på plassane og gardane. I strok samla grendefolket seg til dans og prat. Hans Apalstøi var god spelemann og spele i mange strok. Ei jol skulle Hans til Strømstad og spele. Det var godt føre og Hans gjekk på ski. Då han kom til Nordstohylen, var det ikkje so lite skomt. Mattis Bukti (Samuel 15) hadde fått nyss om stroket og ville giera Hans eit spikk. Ende fyr Hans kom, gjekk han utpå isen. Då han såg Hans, la han seg og byrja krabbe so det skulle sjå ut som ein skrubbb. Hans hadde børsa med seg for han visste det kunne koma skrubbb. Det krabbande kunne vera skrubbb, og Hans skaut og råka Mattis i foten. Heldig var Mattis, for såret var ikkje farleg, men han måtte halda seg i ro ei stund.

Dette hende tidleg på 1840 talet.

### *Litt um mat*

Då Tone voks upp, var det mest bare heimeavla konn dei bruka. Konnet blei turka i badstogo før dei mol det. Var det vatn nok i åi, mol dei på bekkjekvenn. Men ofte blei det å draga den tunge handkvenni.

Kvenndagsmorgon var det braud. I staden for smør bruka dei prim eller kabrette som dei òg kalla primet. Kallgraut og skoma geitemjåkk, var dogurd-

mat, men til middag var det jordeple og sur mjåkk og litt salt. Av og til litt sau eller geitekjøt, men det var helst sundagsmat, det. Salt sill blei òg bruka, særleg um hausten.

Til sundag bruka dei betre mat. Finare mjøl blei bruka til grauten og finare braud. Til middag var det kjøt – ofte kjøtsuppe, og jordeple. Kålrot blei bruka om hausten, men ikkje ofte. Sundagskvellen var det mjåkkgraut so sant dei hadde mjåkk, då. Mjåkk kunne det vera lite av, særleg utpå såmmåren.

Jonsokhelgi var av dei store høgtidene. Jonsokeftaen var det mjåkk-graut. Det var det om jonsokdagen au, men med romemjåkk til. Laga dei god mat jonsokdagen, lova det godt mjåkkår, trudde dei.

Olsok var det feitgraut. Det var gjæv mat. Krossmess måtte det vera bufarslefse eller kling med smør på.

### *Grannehjelp*

Var ein i grenni sjuk eller av ein eller annan grunn ikkje greidde eit arbeid, laga dei ofte til dugnad eller dugning. Då måtte grannane fram og tok eit tak med. Oftast var det for ein dag, men det hende det varde lenger au. Han eller ho som fekk hjelp, måtte halde mat og drikke så sant dei greidde det. Seinaste dugningen i Straumen var for Halvor på Lidtveit.

Kast var mindre bruka. Då gav dei hjelpi anten i matvare som mjøl, jordeple og anna. Dei kunne også gjeva pengar. Karane gav som regel 1 mark og kvendi 12 skilling. Seinaste kastet var på Utsond.

# Stevleik

*uppskriven av Tone Haugan*

Jenta: Eg tisse so vont om min gute vene  
nå æ han skriven – skø kongen tene.  
I dag han for ivi Kvitseidhei  
det æ vel vandt om eg ser han mei.

Guten: Og jenta mi ho heiter Anne  
og henne elsker eg ivi alle,  
Ja, henne elsker eg aller mest  
å tru at eg va med henne fest.

Jenta: Du tenkjer vel at eg vi deg hava,  
nei det skjer aller i desse dagar.  
Nei det skjer aller på denne jord  
under klåre himmel og blanke sol.

Guten: Snillan mi jente vi du meg hava,  
eg skø jæte for deg i fjorten dagar.  
Den tredje vika skal eg hogge ved  
alt med du bryggjar og lagar te.

Jenta: Eg vi kje ha deg om eg konn få deg,  
nei, eg vi tukke meg langt i frå deg.  
Eg vi kje ha slik ein slarv som du,  
nei då mått' eg skjemmast å stande brur.

Guten: Du tarv nå slett ikkje storaktig vera  
for raue rosar i kinni bera.  
Du tarv nå slett ikkje ganga keik  
om du æ raulett å eg æ bleik.

Jenta: Visediktaren skø du heite  
og kamrefjølane kan du sleikje.  
Det skø du ha til ein liten rett  
for du hev dikta og løgje slett.

Guten: Visediktaren vi eg kje heite  
og kamrefjøl vi eg kje sleikje,  
men eg skø skrive det på ei fjøl  
at du kan sleikje din kamar sjøl.



Jenta: Å mine visur dei æ so snåle  
dei æ som Borken på isen håle.  
å mine visur dei gjer ein sleng  
det æ som småguten på sjeisur gjeng.

Guten: Å hutte tu meg, og hei og hå meg,  
tiss du kje vondt eg skø reise frå deg  
Tiss du kje hækjeleg vondt om meg  
som hev so skjømeleg lang ein veg?

Jenta: Å når eg høyrer den guten talar,  
det æ so det søng båd' i berg og dalar.  
og når eg høyrer den guten kve  
de æ so det søng båd' i ve og tre.

Guten: Du æ den beste som eg hev fonne,  
å skiljast frå deg eg aller konne.  
Eg æ so glad at du meg vil ha  
me skø liva saman å ha det bra.

Jenta: Å guten min han heiter Olav  
å han æ finar hell solimblomar  
og slik ein vokster æ rar å sjå  
som siljeteinar ved Vallarå.

## På innstig hjå Halvor Bukkøy i 1955 då han fylde 90 år



Halvor Bukkøy.

*Sola skin varmt som ein sumardag. Det er så stilt og fredsamt oppetter bakkane og gjennom det vesle skogsnaret nedom Smeland i Kviteseid. Ei brunbrend løe og ein tolleg ny stovebygning ligg lognt i solhallet. Asters og ringblom blømer under stoveglaset – ei minning om sumaren som kveru.*

*Vi finn Halvor inne. Ja, for det er Halvor Bukkøy, den gamle trugne slitaren vi vil tala med i dag. Han sit ved bordset, oppteken av ei bok.*

– I dag må du fortelje eitt og anna frå livet, Halvor. Du er jo 90 år laurdag 22. oktober og har sikkert prøva ymse i ditt lange liv.

– Hå ja, det er litt av kvart. Du veit det er løgleg å minnast attende. – Eg blei fødd på Bukti. Seinare flytte vi til Ståland, og så til Øyan. Far døydde medan vi var på Øyan, og eg laut flytta til bestefar på Dalen i Strauman. Då var eg 5 år. Det blei gjæting om sum'rane. 9 år gamal var eg med bestefar i skogen på vedhogst, – seinare på tømmerhogst. Då vart det flytting att, nå til Bukkøy. Eg gifte meg med Kari Huvestad, og på Bukkøy slo vi oss til. Det var fyrst i seinare år vi kom hit til Smeland.

På Bukkøy er trivelegt sumarsdag, men hu, hu om vinteren, og i mein-ver haust og vår. Ein har berre ville fjorden rundt ikring.

– Du har gjort mange vågeferder på isen?

– Skal meine det, – det gjekk på livet laust av og til.

Eg lyt fortelje om den gongen skogfut Andersen, Svein Kasnes og eg hadde vore i «syst'an» og blekt. Vi var på heimveg og gjekk og prata på isen. Best det var, dela isen seg. Der sto vi att på eit isflak. Eg lyt prøve hoppe over på andre isflak og springe etter pråm, sa eg. Nei, det er galskap, det nyttar kje nå, sa hine. Men eg hoppa, og greide det verkeleg. Eg fekk tak i pråm og kom fram til karane. Heimatt bar det, stundom over is og stundom i open fjord. Vi var tolleg ferdig alle då. Før vi var heime, var isflaket sundbrotna. Å ja, – eg kunne fortelja ei bok om alt i hop skulle bli med.

– Du likte deg i skogen?

– Om eg gjorde! Det var likaste arbeidet, skogsarbeid. Betalinga var kje hæv, men så var tømmerprisane og alt deretter. Eg hadde 4 kr. tylfta, stundom 2 kr. Største stokkane eg har hogge var nokre ruggar som helt 14 lodd i tylfta. Fleire av stokkane ligg forresten ved Strengen i kanalen der.

– Fekk du diplom og?

– Ja, eg fekk diplom og medalje etter 50 års arbeid i skogen, av Det kongelige Selskap for Norges Vel. Konge ja, i 1905 låg eg på vakt ved Oscarsborg festning. Det var spanande der då. Eg trur svensken hadde fenge juling då, hadde han kome. Festninga var sterk, ser du. Men det gjekk fredleg, heldigvis. Eg hugsar kong Oscar kom ut til oss på festninga, på skipet «Heimdal». Det var slik salutt, så eg datt av lufttrykket. Du trur det vel kje, – men skir sanning det!

– Har du kje vore veldig spræk og?

– Eg sprang visst bra. Kappsprang med posthesten frå Strengen til Ulefoss og kom fyrst!

– Arbeider du nå?

– Ja, visst. I haust har eg grave opp alle jordepla. Og du veit eg hogg all veden som skal til.

Ingen skulle tru ein har ein 90 åring fram for seg, slik som han kan fortelja. Men Halvor er nok sliten. Føtene er heller skrale, – utslitne av alle steg dei har tråkka og alle tunge bærer dei laut bera fram. For *det* er det berre ei meining om, mellom dei som kjenner til arbeidstaka av Halvor: Slikt arbeidsjarn fann ein kje mange av!

Torbjørn Solberg.

## Den grå hatten til Gofar

På Kvålset i Ordal, ikkje langt frå husi, ligg ein stor vettehaug som dei kallar Kongshaugen. Ingen veit i dag kvifor han hev fenge det namnet. Det heites at Kvålset i eldgamle dagar var kongsgard. Kanskje er ein småkonge gravlagd i haugen? I andre haugar på garden er det funne våpen av mange slag, seiast det. Det budde veldig mange tussar i Kongshaugen.

Ein gong for lenge, lenge sea var det gjestebod på Kvålset. Om kvelden la ein gut seg til sova ved Kongshaugen. Det var midt på sommaren og varmt, og folk la seg ute der dei fann lageleg plass.

Guten sovna og sov ei god stund. Då vakna han, for det var so overhendig leven og rommel inni haugen. Noko ropa høgt der inne. Det var nok ein tusse, og han sa: «Hørr æ hatten min?» mange gonger. Best det var kom mange tussar springans oto haugen, fælende fort. Det var plent som ein geiteflokk. Guten skjøna ingen ting. Kønne det vera stogo som brann og gjestene rømde? Han for upp, han au og sprang og ropa som tussane: «Hørr æ hatten min?» Då høyrde han ei ny bromling og det blei kasta ut ein hatt og nokon sa: «Nå hev me kje fleire hattar att, bare hatten til Gofar. Du fær taka den.» Den gamle hatten med den breie bremmen, kom trillans til guten.

Guten tok på seg hatten og gjekk inn i gjestebodsstogo. Nå var han usynleg for folk, men tussane såg han, og han såg dei. Nå skjøna han hoffer tussane sprang so fort. Det hadde kome mat på bordet, og tussane sprang for å få plass ved bordet millom dei andre gjestene. Det sat ein tusse millom kvar av gjestene. Det såg guten, men ingen av dei verkelege gjestene. Tussane åt og drakk so overhendig at mat og drikke minka fort. Guten gjekk bort til verten og kviskra han i øyra om dette. Verten skjøna ingen ting. Han høyrde nokon kviskra til han i øyra, men såg ingen som gjorde det. Då tok guten og sette Gofars hatt på hovudet av verten. Då såg han au tussane og hoss dei åt og drakk.

Han lika seg ikkje, men manna seg upp og sa at han gjønne ville ha godt rom ved bordet og fred i huset. Då blei det huskomhei og rabalder, for alle tussane tok på dynni det fortaste dei kønne og vekk var dei. Ingen hev seinare sett snurten til dei.

*Etter mytiske sagn fra Telemarken  
oppskrivne av M. B. Landstad*



*Etter å ha tent bygda i 138 år, skulle  
ein kanskje tru at ein vart mosegrodd?*

*VI TRUR IKKJE DET . . .*

***Før som nå - ein moderne bygdebank***

**SPAREBANKEN SØR  
KVITeseid**

Filialer: Brunkeberg - Vrådal -  
Morgedal - Vråliosen

**Aage Haatveit**  
Tlf (036) 53 278 3850 Kviteseid

*Alltid godt utval  
i daglegvarer!*

## *Kviteseid Bok og Papir* LEIKER

Telefon (036) 53 515

*Distriktets største utval i  
Lego, Playmobil  
og andre leiker*

**LOTTO**

Tipping, Lotto




**playmobil**

**TIPPING** 



3850 Kviteseid

Telefon (036) 53 431



HANDARBEID  
BUNADSYLV

## *Kviteseid Handelslag*

Telefon (036) 53 138

*Me fører alt i daglegvare*

*og finare kolonial*

*Mange gode tilbod*

*Kjøttvarer frå eiga slakteavdeling*



# MORGEDAL TURISTHOTELL

TELEMARK - NORWAY.

3848 Morgedal

Tlf. (036) 54 144

